

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 22/2020 Forvaltningsrevisjon Simas IKS

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 23.11.2020	Saknr 22/2020
---	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet viser til vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport frå KPMG

Forvaltningsrevisor konkluderer overordna med at sjølvkost for hushaldningsavfall i det vesentlege er godt dokumentert og finn ikkje at SIMAS tek inn for mykje gebyr i høve til sjølvkost.

Forvaltningsrevisor viser likevel til at SIMAS IKS har fleire område med potensiale for forbetring.

Revisor kjem til slutt i rapporten med følgjande tilrådingar basert på det som kjem fram i forvaltningsrevisjonen:

- Dokumentasjon av fordelingsnøklar
 - SIMAS har i all hovudsak godt grunngeve og dokumenterte fordelingsnøklar. Det er likevel grunnlag for forbetring i å dokumentere samanheng mellom datagrunnlag og fordelingsnøkkel. Vi tilrår at underdokumentasjon for fordelingsnøklar som ikkje ligg i sjølve modellen blir forbetra med tanke på sporing frå underdokumentasjon og inn i modellen.
- Skriftlege avtaler
 - SIMAS har ein rammeavtale med SIRKLA for tenester som SIMAS leverer. Det er ikkje nokon tilsvarande rammeavtale i tilfella der SIRKLA leverer tenester til SIMAS. I den grad det ikkje er rein vidarefakturering tilrår vi at ei slik rammeavtale blir inngått. Det vil sikre notoritet og dokumentasjon av prising. Prising skal vere sjølvkost om ikkje det er konkurranseutsett.
- Kommunale tillegg
 - SIMAS er ikkje ansvarleg for dei kommunale tilleggga. Her må kommunane sjølve legge fram sjølvkostrekneskap, noko vi tilrår for å vise at ikkje kommunen tar inn for mykje i renovasjonsgebyr. Ut frå skildring av kva kostnader dei kommunale tilleggga skal dekkje, ser det ut til at kommunale kostnader i form av opprydding av «herreløst» avfall på offentlege stadar feilaktig er belasta innbyggjarane i form av kommunale tillegg.
- Hyttemodell
 - SIMAS har innført kriterier for å differensiere gebyr til fritidsbustadar. Dette er tillate om differensieringa skjer med grunnlag i reelle skilnader i kostnadene.

Vi har ikkje motteke noko dokumentasjon som synar denne forskjellen utover vurderinga frå SIMAS i samband med innføringa av den nye modellen. Vi tilrår at SIMAS framover utarbeidar dokumentasjon som synar reelle forskjellar i kostnader knytt til kriteriemodellen.

Kontrollutvalet vil tilrå at kommunen gjer vedtak om at SIMAS IKS bør sette i gang eit arbeid med å fylgje opp tilrådingane.

Kontrollutvalet vil fylgje opp arbeidet og vil be om statusrapport frå SIMAS IKS hausten 2021.

Rapporten og kontrollutvalet sitt vedtak vert oversendt til kommunestyret.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	Nov 2020	KPMG	Forvaltningsrevisjon SIMAS IKS

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Det er gjennomført forvaltningsrevisjon for å undersøke om SIMAS følgjer regelverket for renovasjonsgebyr (sjølvkost) for hushaldningar, med fokus på:

- Har Simas rett fordeling av kostnader mellom hushaldningsavfall og næringsavfall, irekna at gebyr frå hushaldningane ikkje vert teke inn og brukt til andre føremål enn handsaming av hushaldningane sitt avfall?
- Vert hushaldningane og fritidsbustadar belasta rett gebyr (sjølvkost)?

Forvaltningsrevisjonen er ikkje gjennomført som del av forvaltningsrevisjonsplanen eller plan for selskapskontroll. Det var i sak 11/2019 i kontrollutvalet i Årdal, foreslått gjennomføring av felles forvaltningsrevisjon av sjølvkostområdet i SIMAS IKS. Saka blei drøfta på fellesmøte for kontrollutvalsleiarar 11.09.2019, og det vart foreslått å sette av 50.000 pr. kommune for gjennomføring av ein felles selskapskontroll av SIMAS IKS. Det vart vedtatt å gjere denne løyvinga i alle deltakande kommunar.

Gjennomføring:

Kontrollutvala i eigarkommunane til SIMAS IKS har nytta KPMG til å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av SIMAS IKS. Forvaltningsrevisjonen er gjennomført som eitt prosjekt der eigarkommunane finansierer 1/7 kvar. Kontrollutvalet og sekretariatet for Aurland kommune har bestilt kontrollen og godkjent prosjektplanen for gjennomføringa.

Følgjande problemstillingar vert svara ut i rapporten:

1. Har Simas rett fordeling av kostnader mellom hushaldningsavfall og næringsavfall, irekna at gebyr frå hushaldningane ikkje vert teke inn og brukt til andre føremål enn handsaming av hushaldningane sitt avfall?
2. Vert hushaldningane og fritidsbustadar belasta rett gebyr (sjølvkost)?

Kontrollutvalssekretariatet mottok rapport frå forvaltningsrevisor den 02.11.20.

SIMAS IKS har fått rapporten til høyring og har gjeve sine uttale til rapporten i kapittel 5.

Tilrådingane til revisor er oppsummert i tilrådinga i denne saka. For øvrige detaljar vert det vist til samandraget og rapporten elles.

Forvaltningsrevisor vil presentere rapporten i kontrollutvalsmøte i Aurland 17.11.2020. Det vert lagt opp til å gjere videoopptak av presentasjonen, slik at denne kan visast i kontrollutvalsmøtet i Lærdal 23.11.2020. Dersom det er spørsmål til forvaltningsrevisor vil desse bli samla inn av sekretariatet i eigarkommunane til SIMAS, og formidla til KPMG.



Forvaltningsrevisjon SIMAS IKS

Eigarkommunar til SIMAS IKS

November 2020

www.kpmg.no

Forord

Etter vedtak i kontrollutvala til eigarkommunane til SIMAS IKS; Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal kommune, har KPMG gjennomført ein forvaltningsrevisjon av SIMAS IKS.

Oppbygging av rapporten

Våre konklusjonar og tilrådingar går fram av rapporten sitt samandrag. Kapittel 1 har ei innleiing til rapporten. Her blir føremål, problemstillingar, revisjonskriterier og metode presentert. I kapittel 2 blir fakta som bygg opp under våre vurderingar skildra. I kapittel 3 blir vurderingane våre presentert. I kapittel 4 presenterer vi våre tilrådingar. SIMAS IKS si uttale til rapporten er inkludert i kapittel 5.

Vi vil takke SIMAS IKS og eigarkommunane for god hjelp i arbeidet vårt med forvaltningsrevisjonen.

Samandrag

Føremålet med denne forvaltningsrevisjonen er å undersøke om SIMAS følgjer regelverket for renovasjonsgebyr (sjølvkost) for hushaldningar, med fokus på:

- Har Simas rett fordeling av kostnader mellom hushaldningsavfall og næringsavfall, irekna at gebyr frå hushaldningane ikkje vert teke inn og brukt til andre føremål enn handsaming av hushaldningane sitt avfall?
- Vert hushaldningane og fritidsbustadar belasta rett gebyr (sjølvkost)?

Fordeling av kostnader mellom hushaldning- og næringsavfall

SIMAS nyttar *Momentum Selvkost Renovasjon*, som er eit verktøy/ein modell for å lage sjølvkostrekneskap og kalkyler. Modellen sikrar at SIMAS har eit transparant og sporbart sjølvkostrekneskap, og samtlege kostnader i rekneskapen til SIMAS vart fordelt på dei 4 verksemda som SIMAS driver med - Hushaldningsavfall og Slamtømming hushaldning, Næringsavfall og Slamtømming næring. Fordelingsnøklane SIMAS nyttar for å fordele er godt grunngjeve i høve til faktisk bruk/ressursinnsats, og dokumentert med underliggende data. Det er likevel grunnlag for forbetring i sporbarheita mellom datagrunnlag og fordelingsnøkkel. Vi tilrår at underdokumentasjon for fordelingsnøklar som ikkje ligg i sjølve modellen blir forbetra med tanke på sporing frå underdokumentasjon og inn i modellen.

Overskot eller underskot på sjølvkostrekneskapen er gjeld eller fordring på hushaldningane. Overskot eller underskot er satt av i sjølvkostfond i balansen, og opplyst om i note til finansrekneskapen. Over ei periode på 3-5 år skal sjølvkostrekneskapen gå i null. SIMAS har eit overskot per 31.12, men overskotet er frå mindre enn 5 år sidan. Det er difor i tråd med regelverket.

For transaksjoner mellom SIMAS og SIRKLA skal prising vere på «vanlige forretningsmessige vilkår og prinsipp», såkalla armlengdes avstand. Dette er viktig for unngå kryssubsidiering – at hushaldningane må betale for næringsverksemd. Det er laga ei rammeavtale for tenestene SIMAS leverer til SIRKLA, og vi har ikkje avdekkja at desse tenestene vart fakturert anna enn på armlengdes avstand.

For tenester levert frå SIRKLA til SIMAS skal desse anten vere konkurranseutsett eller så skal prisen vere til sjølvkost, i den grad det ikkje er tale om vidarefakturering. SIMAS oppgir at omfanget av tenester levert frå SIRKLA til SIMAS er lite og ikkje eigna til konkurranseutsetting. Det føreligg ikkje nokon skriftlege avtaler for tenester levert av SIRKLA til SIMAS.

Vi tilrår at det vart etablert ein skriftleg avtale med dei viktigaste prinsippa for prising for tenester frå SIRKLA til SIMAS. Dette vil sikre notoriteten og gjere det mogleg å dokumentere korleis prising er berekna.

Etter vår vurdering er sjølvkost for hushaldningsavfall i det vesentlege godt dokumentert. Vi har ikkje avdekkja at SIMAS tar inn for mykje i gebyr i høve til sjølvkost.

Hyttemodell

Kriteriemodell for berekning av renovasjonsgebyr må vere grunngjeve i forskjell i kostnader eller for å oppmode til økt gjenvinning og mindre avfall. Det er ikkje anledning til å differensiere på grunnlag av størrelse eller standard på fritidsbustadar utan at det er reelle forskjellar i kostnader. SIMAS har i samband med innføring av kriteriemodellen grunngjeve denne mellom anna med bakgrunn i ei

vurdering av at større/meir moderne hytter blir nytta meir og difor produserer meir avfall. Vi har ikkje motteke noko dokumentasjon i form av statistikk eller historikk som underbygger desse vurderingane. Vi tilrår at SIMAS utarbeider dokumentasjon som underbyggjer reelle forskjellar i kostnadar knytt til kriteriemodellen.

Andre forhold

Kommunale tillegg må den einskilde kommune dokumentere i høve til sjølvkost. Det vil normalt ikkje vere lovleg å bake inn kostnadar til renovasjon av offentlege stadar i renovasjonsgebyr for hushaldningar.

Vi tilrår at dei aktuelle kommunane synar sjølvkostrekneskapen knytt til dei kommunale tilleggga i sitt eige rekneskap.

Innhald

1. Innleiing	1
1.1 Bakgrunn og fokus	1
1.2 Problemstillingar	1
1.3 Revisjonskriterier	1
1.4 Metode	2
2. Fakta	3
2.1 Om selskapet SIMAS IKS	3
2.2 Gebyr SIMAS	6
2.3 System og rutinar for berekning av sjølvkost	6
2.4 Gebyrmodellen til SIMAS	11
2.5 Forholdet mellom næring og hushaldningsavfall	16
3. Vurderingar	20
3.1 Fordeling av kostnader mellom hushaldnings- og næringsavfall	20
3.2 Gebyrstorleik for hushaldning og fritidsbustadar	23
3.3 Andre forhold	23
4. Tilrådingar	26
4.1 Dokumentasjon av fordelingsnøklar	26
4.2 Skriftlege avtaler	26
4.3 Kommunale tillegg	26
4.4 Hyttemodell	26
5. Høyringsuttale SIMAS IKS	27
Vedlegg 1 - Revisjonskriterier	30
Vedlegg 2 – Dokumentsliste	37
SIMAS	37
Aurland kommune	39
Høyanger kommune	39
Luster kommune	39
Lærdal kommune	39

Sogndal kommune	40
Vik kommune	40
Årdal kommune	40
Mediesaker	40

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn og fokus

Kontrollutvala i eigarkommunane til SIMAS IKS har fått gjennomført ein forvaltningsrevisjon av SIMAS IKS. Forvaltningsrevisjonen er gjennomført som eitt prosjekt der eigarkommunane finansierer 1/7 kvar. Kontrollutvalet og sekretariatet for Aurland kommune har bestilt kontrollen og godkjent prosjektplanen for gjennomføringa.

Forvaltningsrevisjonen fokuserer på sjølvkost for hushaldningane sitt gebyr for renovasjon. Irekna kontrollar opp i mot rekning av gebyrstørleik og SIMAS sine internkontrollprosessar knytt til skilje mellom hushaldningsavfall og næringsavfall.

Forvaltningsrevisjonen er forbetningsorientert, og har som føremål å gje tilrådingar om tiltak der det er avdekka avvik eller moglege forbetningsområde.

1.2 Problemstillingar

Fylgjande problemstillingar vert svarta ut:

1. Har Simas rett fordeling av kostnader mellom hushaldningsavfall og næringsavfall, irekna at gebyr frå hushaldningane ikkje vert teke inn og brukt til andre føremål enn handsaming av hushaldningane sitt avfall?
2. Vert hushaldningane og fritidsbustadar belasta rett gebyr (sjølvkost)?

1.3 Revisjonskriterier

Til problemstillingane stiller vi opp revisjonskriterier. Revisjonskriterier er dei krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen målast mot. Revisjonskriterier må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Høve for kommunar til å krevje brukarbetaling er heimla i de ulike særlovane med tilhøyrande forskrifter knytt til dei respektive tenestene. I tillegg til dette har Kommunal- og moderniseringsdepartementet ansvar for meir generelle retningslinjer. På bakgrunn av ynskje om å fokusere på renovasjon, så vil det for denne delen av forvaltningsrevisjonen vil fylgjande kriterier vere aktuelle:

- ✓ Kommuneloven
- ✓ Lov om interkommunale selskap
- ✓ Lov om aksjeselskap
- ✓ Lov om vern mot forurensning og om avfall (forurensningsloven)
- ✓ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- ✓ Retningslinjer fra Miljødirektoratet for differensiering av avfallsgebyrene, M-258/2014 Beregning av kommunale avfallsgebyrer
- ✓ Rundskriv H-3/14 Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester

- ✓ Renovasjon- og slamforskrift for SIMAS IKS (Sogn interkommunale miljø- og avfallsselskap)
- ✓ Gebyrregulativ for dei ulike eigarkommunane

Dei enkelte revisjonskriteria er nærmare gjort greie for i vedlegg 2.

1.4 Metode

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med krava i RSK001 Standard for forvaltningsrevisjon¹.

For å svare på problemstillingane har vi samla inn data ved bruk av følgjande teknikkar:

- ✓ Dokumentanalyse
- ✓ Rekneskapsanalyse
- ✓ Intervju

Vi har innhenta og gjennomgått dokumentasjon frå kommunane og SIMAS IKS som kan gje informasjon om problemstillingane.

Vi har gjennomført intervju med dagleg leiar i SIMAS IKS, økonomisjef i SIMAS IKS og dagleg leiar i SIRKLA Ressurs AS. Føremålet med intervjuet var å få utfyllande informasjon frå dokumentasjonen og til dei rekneskapsanalysane som me har gjennomført. Frå kvart intervju vart det skreve referat som vi sendte til kvar enkelt respondent til verifisering.

Informasjonen som samlast inn frå dokumentasjon, rekneskapsanalyse og intervju er blitt gjennomgått og analysert opp mot revisjonskriteria. Dette blei nytta for å gi svar på problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

Datainnsamlinga blei avslutta i juni 2020.

Rapport blei sendt til dagleg leiar i SIMAS og rådmennene i eigarkommunane til uttale 24. september 2020 med høyringsfrist 2. oktober 2020. Rådmennene i eigarkommunane har ikkje gitt uttale til rapporten. SIMAS IKS si uttale til rapporten er inkludert i kapittel 5.

¹ Utgitt av Norges Kommunerevisorforbund.

2. Fakta

Dette kapitlet skildrar fakta som bygger opp under våre vurderingar av problemstillingane i kapitel 3.

2.1 Om selskapet SIMAS IKS

SIMAS IKS, heretter kalla SIMAS, står for Sogn interkommunale Miljø- og Avfallsselskap. Selskapet vart stifta i 1994. Det kjem fram av SIMAS sine heimesider at selskapet sine viktigaste oppgåver er å løyse eigarkommunane sine utfordringar innan avfallshandtering på ein best mogleg økonomisk, ressurs- og miljømessig måte.

2.1.1 Eigarskap

SIMAS er organisert som eit interkommunalt selskap og vert eigd av følgjande kommunar:

Kommune	Eigardel
Aurland	5,43 %
Høyanger	12,16 %
Luster	15,77 %
Lærdal	6,48 %
Sogndal	36,30 %
Vik	8,03 %
Årdal	15,83 %

Tabell 1: Oversikt eigarkommunar.

Frå selskapsavtalen går det fram at føremålet med selskapet er følgjande:

- ✓ Innsamling og transport av alle typar etter delegasjon å utføre eigarkommunane sine forvaltnings- og arbeidsoppgåver innan avfallshandtering på ein best mogeleg måte med omsyn til økonomi, ressursbruk og miljø. Selskapet er tildelt einerett for handtering av hushaldsavfall og har ikkje næringsverksemd til føremål. I arbeidet med desse oppgåvene skal selskapet ta omsyn til brukarane/innbyggjarane sine ønskje og interesser.
- ✓ Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.
- ✓ Selskapet skal der dette er naturleg, søkje å etablere samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljørette løysingar når det gjeld gjenvinning. Selskapet kan vera eigar eller medeigar i andre selskap.
- ✓ Selskapet skal vera ein samfunnsaktør og pådrivar for å utvikle framtidsretta og miljømessige løysingar for handtering av avfall.
- ✓ Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane informera publikum og næringsdrivande om drifta av selskapet. Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggje vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege behandlingsmetodar.
- ✓ Gje tilbud om innsamling, gjenvinning og handsaming av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskeleg og økonomisk rett.
- ✓ Avgjera i kva grad drifta kan skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved leigeavtalar med medlemskommunane eller private næringsdrivande.

2.1.2 Styring av selskapet

Selskapet vert leia av representantskapet, eit styre og dagleg leiar.

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ. Fordeling av medlemmer i representantskapet speglar folketalet i eigarkommunane. Deltakarkommunane utøver sitt mynde gjennom representantskapet. Medlemmane i representantskapet med personleg vara vert valde i kommunestyra i eigarkommunane. Representantskapet skal sjå til at selskapet vert dreve etter føremålet og i samsvar med lover og vedtekter.

Styret skal sjå til at selskapet vert dreve i samsvar med føremålet, selskapsavtalen, selskapet sitt årsbudsjett og andre vedtak og retningslinjer. Styret har ansvar for ei tilfredsstillande organisering av selskapet. Styret har 6 medlemmar + ein tilsettrepresentant frå SIMAS.

Dagleg leiar i SIMAS leiar den daglege verksemda.

Representantskapet fastset forslag til gebyr som eigarkommunane skal betale til selskapet, medan det er den enkelte kommune som fastset renovasjonsgebyret og slamtømmegebyret i samband med budsjetthandsaminga.


2.1.3 Organisering

SIMAS utfører eigarkommunane sine plikter etter ureininglova. Årdal kommune eig 15,83 % av selskapet, men har valt å handsama renovasjonen i eigen regi. I 2014 vart delen av SIMAS som handterte næringsavfall skilt ut i eit eige selskap, SIMAS Næring AS. Frå 2019 fekk selskapet namnet SIRKLA Ressurs AS (heretter kalla SIRKLA). SIRKLA er 100 % eigd av SIMAS, og er organisert med eiga leiing. Dagleg leiar i SIMAS er styreleiar i SIRKLA.

SIRKLA handterer ikkje-lovpålagte oppgåver knytt til avfallshandtering, som næringsavfall, rådgjeving, containerutleige og avfallstransport. SIRKLA har 8 tilsette.

SIRKLA har også eit heileigd dotterselskap, Ecoinowaste AS. Føremålet til selskapet er å levere tenester for handsaming av avfall og andre råvarer og i tilknytning til dette drive gjenvinning og utføre kjøp og sal av varer og tenester som har naturleg tilknytning til dette. Ecoinowaste er eit utviklingsselskap, som på noverande tidspunkt ikkje er operativt. Det vil ikkje bli arbeid vidare med selskapet før finansieringa av utviklingsarbeidet er på plass.

SIMAS har 39 medarbeidarar og er organisert på følgjande måte:



Figur 1: Organisasjonskart SIMAS.

2.2 Gebyr SIMAS

I dette kapitelet presenterer vi gebyrnivået i kommunane kor SIMAS handsamar slam og renovasjon², samanlikna med gjennomsnittleg gebyrnivå i fylket og landet (utanom Oslo). Dette er data henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB), kor den enkelte kommune har meldt inn størrelsen på gebyra.

2.2.1 Renovasjonsgebyret

	2018	2019	2020
Gjennomsnitt SIMAS	3149	3204	3440
Gjennomsnitt landet	2774	2851	2648
Gjennomsnitt Vestland	-	-	2264
Gjennomsnitt Sogn og Fjordane	2849	3035	-

Tabell 2: Renovasjonsgebyr.

Tabellen over syner gjennomsnittleg renovasjonsgebyr i kommunane kor SIMAS handsamar avfallet. Det gjennomsnittlege gebyret inkluderer også det kommunale tillegget for renovasjon som Sogndal, Luster og Lærdal har. Innbyggjarane i kommunane kor SIMAS handsamar renovasjonen betalar i gjennomsnitt eit noko høgare renovasjonsgebyr enn lands- og fylkesgjennomsnittet. I følgje SIMAS må dette noko høgare gebyret sjåast i samanheng med logistikk og infrastruktur.

SIMAS presiserer at tenestene som inngår i dei ulike renovasjonsselskapa er svært ulike, og særleg i gamle Sogn og Fjordane fylke.

2.2.2 Slamgebyret

	2018	2019	2020
Gjennomsnitt SIMAS	1315	1473	1481
Gjennomsnitt landet	1531	1524	1479
Gjennomsnitt Vestland	-	-	1011
Gjennomsnitt Sogn og Fjordane	1118	1202	-

Tabell 3: Slamgebyr.

Tabellen over syner gjennomsnittleg slamgebyr i kommunane kor SIMAS handsamar slam. Det gjennomsnittlege gebyret inkluderer også det kommunale tillegget for slam som Sogndal, Luster og Lærdal har. Slamgebyret i 2020 er omtrent det same som for landsgjennomsnittet, medan det er noko lågare i fylket.


2.3 System og rutinar for berekning av sjølvkost

2.3.1 Sjølvkostkalkyle, sjølvkostrekneskap og etterkalkyle

I samsvar med rettleiareren for berekning av kommunale avfallsgebyr utarbeidar SIMAS eit årsrekneskap for selskapet, ei sjølvkostkalkyle, eit sjølvkostrekneskap og ei etterkalkyle.

² Årdal kommune er ikkje med i gjennomsnittet, ettersom dei handsamar renovasjon og slam sjølve.

Sjølvkostkalkyla og –rekneskapet skil mellom handsaming av hushaldningsavfall, næringsavfall, slam frå hushaldningane og slam frå næring.



Figur 2: Samanhengen mellom sjølvkostkalkyle, sjølvkostrekneskap og etterkalkyle³.

Etterkalkylen er det faktiske rekneskapet for sjølvkostområdet og syner faktiske inntekter og kostnader, og eventuelle overføringar/reduksjonar i sjølvkostfond. SIMAS har som målsetting å ferdigstille årsrekneskapet til selskapet hjå revisor i forkant av gjennomgang og ferdigstilling av etterkalkyla. Sjølvkostkalkyla dannar budsjettet og grunnlaget for gebyra til hushaldningane. Sjølvkostkalkyla vert også kalla forkalkyle.

2.3.2 Prosess ved utarbeiding av selskapet sitt sjølvkostrekneskap

SIMAS nyttar konsultentselskapet EnviDan, som har spesialisert seg på sjølvkostregelverket, i arbeidet med for- og etterkalkylene. EnviDan har ein kvalitetssikringsfunksjon og er ein sparringspartner for SIMAS i dette arbeidet. Revisor går også gjennom sjølvkostrekneskapet. Økonomisjef opplever det som hensiktsmessig å bruke ein ekstern part i dette arbeidet, då SIMAS er ein liten organisasjon og det er nyttig å ha nokon å diskutere arbeidet med for- og etterkalkylene med.

I samband med berekning av for- og etterkalkylene vert rekneskapet til SIMAS gjennomgått i detalj av økonomisjef. SIMAS har delt verksemda inn i fire avdelingar:

- ✓ Avfall hushaldning
- ✓ Slam hushaldning
- ✓ Avfall næring
- ✓ Slam næring

Ein del av inntektene og kostnadane i SIMAS omfattar berre ei avdeling, medan ein god del gjeld fleire av avdelingane. SIMAS har derfor etablert ei rekke fordelingsnøklar for å fordele rekneskapet mellom

³ Frå Miljødirektoratet sin rettleiar M-258, 2014, Beregning av kommunale avfallsgebyr.

dei ulike avdelingane. Fordelingsnøklane er nærmare omtala i kapitel 2.5.1, og vurderingar av desse i kapittel 3.

Ved ferdigstilling av for- og etterkalkylene har SIMAS eit møte med EnviDan, kor økonomisjef og dagleg leiar deltek. I forkant av møtet innhentar økonomisjef grunnlagsdata frå ulike kjelder som vert sendt til EnviDan. Dette er til dømes data frå vekta på miljøstasjonane, omsetning på renovasjonsrutene, oversikt over dei tilsette, informasjon om arbeidsoppgåvene til dei tilsette etc. Dette er bakgrunnsmateriale til fordelingsnøklane. Økonomisjefen går også gjennom data på alle investeringar. I tillegg diskuterer økonomisjef fordelingsnøklane dei nyttar med dagleg leiar og dei som arbeider ute i tenestane. Datagrunnlaget vert sendt til konsulenten, som set det inn i sjølvkostkalkylen.

I møta med konsulenten går dei gjennom konto for konto og føretek ei kvalitetssikring av den enkelte konto. Det hender det er fordelingsnøklar som ikkje stemmer, og dei gjer då korreksjonar i sjølvkostkalkylen. Nøklane er stort sett stabile, men SIMAS har gjort ein del endringar dei siste åra. Desse endringane har påverka nøklane. Eksempelvis har SIMAS satt opp prisen på næringsavfall levert til miljøstasjonane. Tidlegare vart besøkstall nytta som nøkkel, men etter denne omlegginga passa ikkje dette lenger som nøkkel då ein fekk færre næringsbesøkande på miljøstasjonane.

2.3.3 Gjennomgang av SIMAS sitt sjølvkostrekneskap

Vi har hatt ein gjennomgang av SIMAS sitt sjølvkostrekneskap, og korleis enkelte kostnader og inntekter er belasta sjølvkostrekneskapet. Vidare har vi sett på samanhangen mellom SIMAS sitt sjølvkostrekneskap, sjølvkostkalkyla og årsrekneskap.

Sjølvkostkalkyle, sjølvkostrekneskap og årsrekneskap

SIMAS har utarbeid eit årsrekneskap for selskapet, sjølvkostkalkyle og eit sjølvkostrekneskap beståande av ei etterkalkyle. For 2019 er det nokon forskjellar i sjølvkostrekneskapet til SIMAS og årsrekneskapet til selskapet. Dette skuldast at det, i samsvar med retningslinjene, er egne reglar for berekning av kapitalkostnader i sjølvkostrekneskapet. Det er også ulikskapar i korleis avskrivningar er belasta sjølvkostrekneskapet og årsrekneskapet til selskapet.

Sjølvkostkalkyla eller forkalkyla syner budsjettet med forventa gebyrinntekter og gebyrgrunlaget for neste år. Sjølvkostkalkyla for 2019 syner forventa gebyrinntekter på 37,9 millionar og eit gebyrgrunnlag på 38,5 millionar. Sjølvkostrekneskapet for 2019 syner derimot at gebyrinntektene var på 39,1 millionar, medan gebyrgrunlaget var på 38,2 millionar. SIMAS tok dermed inn noko meir inn i gebyrinntekter enn forventa i 2019. Det går vidare fram av sjølvkostrekneskapet at dette overskotet er satt av på fond.

Relevante inntekter

Vi har gått gjennom på overordna nivå inntektene som er ført i etterkalkylen for 2020. Når det gjeld hushaldning kjem inntektene primært frå gebyr knytt til henting av restavfall, våtorganisk avfall og papp som er samla inn på renovasjonsruta. Inntekter innanfor hushaldning kjem vidare frå avfall som er levert på miljøstasjonane og nedstrømsinntekter frå enkelte fraksjonar av avfallet. Det er også ført inntekter for sal av anleggsmiddel. Den største inntektsposten på næring kjem frå SIRKLA. Vidare kjem inntektene innanfor næringsavfall i stor grad frå kommunalt næringsavfall som er samla inn på renovasjonsruta. Næringsinntektene kjem også frå næringskundar som har levert avfall på miljøstasjonane og nedstrømsinntekter frå enkelte fraksjonar av avfallet. På slam hushaldning er det ført inntekter frå gebyr på slamtømming hos hushaldningar. Innanfor slam næring kjem inntektene frå tømming av slam næring og offentlege. Renteinntekter er fordelt mellom dei fire avdelingane, men renteinntektene er ikkje tatt inn i det endelege sjølvkostrekneskapet til hushaldning og slam.

Relevante kostnader

Vi har gjennomgått på overordna nivå kostnadane som er ført i etterkalkylen for 2020. Størstedelen av kostnadane vert fordelt mellom dei ulike avdelingane. Det er for øvrig ført nokon kostnader berre på hushaldning, dette er blant anna utgifter til hytteområde. Dei største kostnadane er knytt til lønn og sosial kostnader, som er fordelt mellom dei ulike avdelingane. Vidare er avskrivningar ein stor kostnadspost som er fordelt mellom dei fire avdelingane. I rekneskapet er ein stor del av kostnadane knytt til drift av tenestane, til dømes vedlikehald av containerbilar og drift av miljøstasjon. Konsulent- og revisjonshonorar er også kostnader som er fordelt på dei fire avdelingane. Renteinntekter er fordelt mellom dei fire avdelingane, men renteinntektene er ikkje tatt inn i det endelege sjølvkostrekneskapet til hushaldning og slam.

Følgjekostnader i sjølvkostrekneskapet

I etterkalkylen er det for 2019 berekna kalkulerte renteinntekter for fondsavsetninga i tråd med retningslinjene for sjølvkostrekneskap

Bruk av kalkulasjonsrente

I etterkalkylen går kalkulasjonsrenta fram, denne er i samsvar med 5-årig swap-rente med eit tillegg på eit ½ prosentpoeng.

Avskrivningar

Avskrivningar går også fram av sjølvkostrekneskapet. Vi har hatt ein gjennomgang av investeringane som har hatt ein kostnad over 500 000 kroner dei tre siste åra. Dette er 12 investeringar, 9 av desse investeringane er fordelt mellom hushaldnings- og næringsavfall. Dette er investeringar knytt til kompostanlegg, containrar, miljøstasjon, bil og returtreplata. To av investeringane er fordelt på alle dei fire avdelingane. Dette gjeld prosjektleiing og rubhall og kontorbrakke. Det er ei investering som berre er ført på slam hushaldning, det gjeld slamkompostering.

Avsetning til og bruk av fond

I etterkalkylen for 2019 er det gjort avsetning til fond innanfor hushaldning på bakgrunn av at det blei tatt inn meir i gebyrinntekter enn faktiske kostnader som gjaldt handsaming av hushaldningsavfall. Slamtømming hadde noko høgare kostnader enn gebyrinntekter, dette er ført som ein utgift på sjølvkostfondet. Sjølvkostfondet for hushaldning var ved inngangen til 2019 på 235 000 kroner. Dette kan knytast tilbake til eit overskot frå 2017. Ved utgangen av 2019 var sjølvkostfondet knytt til hushaldningsavfall på 1 143 000 kroner. Sjølvkostfondet for slam var ved inngangen til 2019 negativt med eit underskot på 603 000 kroner. Sjølvkostfondet for slam hadde eit stort overskot i 2013. I åra 2014-2017 har SIMAS hatt negativt resultat på slam. SIMAS har nytta av sjølvkostfondet for å dekkje opp for dette. I 2018 hadde SIMAS eit overskot på 551 000 kroner. Ved utgangen av 2019 var sjølvkostfondet knytt til slam negativt med eit underskot på 625 000 kroner.

Sjølvkostkalkyle

Sjølvkostkalkylen for hushaldningsavfall syner at SIMAS legg opp til ein auke i gebyrinntektene frå 2021. Samstundes venter dei ein nedgang i øvrige salsinntekter. Dette heng saman med at marknaden knytt til nedstraums handsaming av avfall er i endring. Avtalen knytt til avhending av restavfall skal ut på nytt anbod, og SIMAS ventar å få dårlegare vilkår enn det selskapet har i dag. I

2020 er det forventet at gebyrinntektene vert lågare enn kostnadane, og at ein då nyttar sjølvkostfondet til å dekkje opp for dette.

2.4 Gebyrmodellen til SIMAS

2.4.1 Vedtak gebyrmodellen

Den gjeldande gebyrmodellen i eigarkommunane til SIMAS vart vedteke i kommunestyra til selskapet sine eigarkommunar hausten 2019, i samband med den enkelte kommune si budsjetthandsaming. Forslaga til gebyr vart vedteke einstemmig i møtet til representantskapet 18.10.2019. Innkallinga til møte i representantskapet gjev ei utgreiing av gebyrsatsane gjeldande frå 2020.

SIMAS har sendt over vedtaket til representantskapet, som er grunnlaget for gebyrvedtaket i den enkelte kommune, i eit brev datert 18.10.19. I oversendingsbrevet går gebyrsatsane vedteke 18.10.2019 fram. SIMAS opplyser at det blei sendt eit eige notat med supplerande informasjon til eigarkommunane den 08.11.19.

I oversendingsbrevet står det i skildringa av kategori 1 for fritidsbustadar ingenting om private hytter med bruksareal over 120 m². Vi har gått gjennom budsjettvedtaka i kommunane og dei syner at det berre er i Aurland kommune at vedtaket er fullt ut i samsvar med vedtaket i representantskapet. I dei fem andre kommunane manglar setninga om at private hytter med bruksareal over 120 m² også er ein del av kategori 1.

Kommune	Vedtak gebyr 2020
Aurland	Er omfatta i vedtaket
Høyanger	Manglar, viser til brev datert 18.10.19
Luster	Manglar, viser til brev datert 18.10.19
Lærdal	Manglar, viser til brev datert 18.10.19
Sogndal	Manglar i vedtaket
Vik	Manglar i vedtaket

Tabell 4: Vedtak gebyrmodell i kommunestyra i eigarkommunane.

Tabellen syner at det berre er i Aurland kommune at vedtaket i kommunestyret si skildring av kategori 1 også omfattar private hytter med bruksareal over 120 m². I følgje nettsida til SIMAS så omfattar kategori 1 private hytter med bruksareal (BA) over 120m². Samstundes er SIMAS kjend med at dette ikkje var ein del av vedtaket i alle kommunane. Dei har difor foreløpig valt å sjå vekk i frå arealkriteriet, og dagleg leiar opplyser om at det per i dag ikkje er registrert eller fakturert hytter med bruksareal (BA) på over 120m².

2.4.2 Gebyrmodell hushaldning

Gebyrmodellen frå 2020

Frå 2020 innførte SIMAS ein ny gebyrmodell innanfor renovasjon, både for renovasjon frå hushaldningane og frå fritidsbustadane. Målsettinga med den nye gebyrmodellen har vore at den i større grad skal omsynta dei reelle kostnadane for tenesta.

Hushaldning

Den nye gebyrmodellen har eit grunngebyr som alle må betale, med ein tilhøyrande variabel del. Grunngebyret er likt for alle hushaldningsabonnement. I den variable delen legg modellen opp til å redusere mengda restavfall ved at husstandar som er flinke til å kjeldesortere kan få lågare gebyr. Den variable delen avheng av størrelsen på restavfallsbeholdaren og om abonnementen driv med heimekompostering:

Abonnementstype	Grunngebyr (kr/år)	Variabel del (kr / år)	Samla gebyr (kr/år)
Småhushald (80l restavfallsbeh.)	3 105	686	3 791
-med heimekompostering	3 105	343	3 448
Normal (140l restavfallsbeh.)	3 105	980	4 085
-med heimekompostering	3 105	637	3 742
Stor hushald (240l restavfallsbeh.)	3 105	1 666	4 771
-med heimekompostering	3 105	1 323	4 428
Ekstra stor hushald (660l restavfallsbeh.)	3 105	4 620	7 725
-med heimekompostering	3 105	4 277	7 383

Tabell 5: Ny gebyrmodell hushaldning.

Den førre modellen hadde eit standardabonnement der hushaldninga kunne få fråtrekk frå dette gebyret. Samstundes var det eit minstegebyr som alle måtte betale. Det var også eit tillegg dersom ein nytta ein større restavfallsdunk:

Abonementstype	Gebyr (kr/år)
Standardabonnement for hushaldning.	4085
Minstegebyr (ingen under dette)	2656
Einslegfrådrag	1429
Komposteringsfrådrag	1429
Standard men med 240l rest (tillegg)	505

Tabell 6: Tidlegare gebyrmodell hushaldning.

I følgje SIMAS var størrelsen på minstegebyret ikkje nok til å dekkje faste kostnader. Vidare var dette ifølgje SIMAS ikkje i samsvar med regelverket.

I grunngjevinga for den nye modellen er det trekt fram at den førre modellen i liten grad hadde insentiment for betre sortering. Plukkanalysar har synt at 75 % av restavfallet kunne vore sortert. Den nye modellen sitt føremål er å sikre kostnadsdekning og premiere reduksjon av restavfallsmengder. Vidare er det grunngjeve at infrastrukturen i regionen gjer at differensiering på hentemengde i utgangspunktet er dyrt og kan gje eit høgt grunnbeløp/fastkostnad. I utgreiinga er det vist til ulike gebyrmodellar som vert nytta i andre kommunar.

I utgreiinga går bakgrunnen for grunngebyret og det variable leddet fram. Grunngebyret skal dekkje faste kostnader til administrasjon, innsamling, henteordning av juletre, klede, innsamlingsaksjonar, drift av returpunkt og miljøstasjonane og informasjonsarbeid. Det variable leddet inkluderer kostnader knytt til handsaming av avfallet ved avfallsstasjonen og den endelege slutthandsaminga.

På nettsida til SIMAS går det fram at ein kan få fritak frå gebyret dersom ein kan dokumentere dette. Bygg i dårleg byggtknisk standard må dokumenterast med bilete og/eller skriftleg fråsegn frå fagperson. For andre bygg må det sannsynleggjerast at eininga står unytta i meir enn eitt år, ved til dømes dokumentasjon på at eininga er fråkopla vatn/avløp. Det går ikkje fram av SIMAS sine nettsider eller gebyrforskriften at det berre er det variable leddet ein kan få fritak frå.

Ved innføringa av den nye gebyrmodellen er det presisert at hus som kan nyttast, men ikkje blir nytta, kan få fritak frå den variable delen av gebyret. Dei kan ikkje få fritak frå grunnbeløpet. SIMAS opplyser at gjeldande forskrift må endrast for å kunne gje fritak for berre det variable leddet. Forslag til korrigering av forskrifta har no vore på høyring i eigarkommunane, og skal opp i neste representantskapsmøte. Sak om ny forskrift skal handsamast i eigarkommunane før jul. SIMAS opplever at det vil det verte enklare å gje fritak for variabelt ledd når ny forskrift er vedteken.

Fritidsbustadar

Gebyrmodellen for hytterrenovasjon er delt inn i fire kategoriar, kor gebyret er regulert etter fire kriterier:

1. Hytter som er eigd av firma/institusjonar/private eller lag der føremålet er utleige, og private hytter med bruksareal (BA) over 120m². Bustadar som har fått godkjenning «nytta til fritidsformål» ligg og i denne kategorien.
2. Adkomst: Avstand frå køyrbar veg (bil), togstasjon (tog) eller brygge (båt) til hytta mindre enn 1 km. Uavhengig om vegen er stengd deler av året.
3. Innlagt vatn.
4. Innlagt straum.

Tabellen under viser gebyrmodellen for dei fire kategoriane hytterrenovasjon:

Kategori	Gebyr pr. år	Kriterium
Kategori 1:	3 791	Hytter som er eigd av firma / institusjonar / private eller lag der føremålet er utleige, og private hytter med bruksareal (BA) over 120m ² . Bustadar som har fått godkjenning «nytta til fritidsformål» ligg og i denne kategorien.
Kategori 2:	2 043	Oppfyller 2 av kriteria 2-4.
Kategori 3:	1 430	Oppfyller 1 av kriteria 2-4.
Kategori 4:	817	Oppfyller 0 av kriteria.

Tabell 7: Gebyrmodell for hytterrenovasjon.

Kategori 1 kan få abonnement med dunk som småhushald.

Den førre modellen hadde eit standardabonnement for fritidsbustadar på 1635 kroner. Dette utgjorde 40 % av standardgebyr på hushaldningsavfall, uavhengig av hytta sin størrelse, lokasjon etc. I følgje dagleg leiar er målet med det nye gebyret for hytterrenovasjon at det skal utgjere 50 % av standardgebyret.

I utgreiinga av det nye gebyret innanfor hytterrenovasjon går det fram at alle eigedommar kor det er bygg slik at hushaldningsavfall vert produsert skal vere med i ordninga. Det vert også vist til at det er ein sterk vekst i tilrettelegging og utbygging av nye område for fritidsbustadar og at bruken for fritidsbustadar endrar seg – betre komfort fører til lengre opphald. Større hytter gjev rom for fleire. I utgreiinga vert det vist til gebyrmodellar for fritidsbustadar frå andre kommunar. I fleire av gebyrmodellane det vert vist til skil ein på standard i fritidsbustadane i høve innlagt vatn og avløp og veg. Utgreiinga konkluderer med at ein vil nytta ein modell for fritidsbustadar tilnærma lik BIR-modellen. KPMG har ikkje fått oversendt noko statistikk eller historikk som underbyggjer grunngevinga for den nye modellen, utover følgjande tilbakemelding frå SIMAS:

Det er i oversendt dokumentasjon vist til korleis me har komme fram til dei ulike nivå (kanskje noko dårleg framstilling då dette er ein prosess og eit arbeid som har gjenge på i mange år). Kort fortalt er det slik at for Kategori 1 og kategori 2 er matematikken som er utgangspunktet. For Kategori 2 er det nytta 50% av standard hushaldningsgebyr som utgangspunkt. Dette omfattar ca 80% av fritidsbustadane. Dette er kommunisert og dokumentert. For Kategori 1 er det teke utgangspunkt i at hytter har 50% avfallsmengd. For «hus nytta til fritid» der desse då ligg på renovasjonsruta (dvs omfatta av grunngebyret) og kan ha dunk brukar me då nytta småhushaldgebyret. Dette er då 80liter kontra 140liter, dvs 57%. Pr i dag utgjør desse 13% av fritidsabonnentane. Her ligger også utleige hytter som me veit vert nytta meir enn andre. På dette og dei andre kategoriane har me vurdert desse ut frå kva andre selskap har gjort. Når me innførte ny gebyrmodell for hytter so var me avhengig av at hyttene vart registrert i rett klasse. Når me har etterkalkulert dette so viser fyrste etterkalkyle at dette er tilnærma ok, men det er mykje endringar her.

For at søknad om fritak frå gebyr knytt til fritidsbustadar skal vurderast må eigar dokumentere at eigedommen er til nedfalls. Det kan gjerast ved bileter som syner tilstanden på fritidsbustaden, eller skriftleg fråsegn frå fagperson.

2.4.3 Kommunale tillegg for renovasjon og slam

Nokon av kommunane som nyttar SIMAS til å handsame avfallet har også kommunale tillegg for slam og renovasjon.

Kommune	Type	Kr/år	Kva gebyret dekkjer
Sogndal	Renovasjon	240	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Del av sentrumsrenovasjonen, innsamling av avfall i dei "grøne avfallsboksane" i Sogndal. ✓ Deltaking i FOU innan renovasjon. ✓ Kontroll og vedlikehald av fakturagrunnlaget for renovasjonsbetaling. ✓ Juridisk bistand i samband med spørsmål om renovasjonsbetaling og andre lovtolkingar innan renovasjon. ✓ Del av administrative kostnader på tenesteeining kommunalteknikk.
	Slam	93,75	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Administrative kostnader til sakshandsaming av avlaup i sprett bebygging. ✓ Kontroll og vedlikehald av fakturagrunnlaget for slambetaling. ✓ Juridisk bistand i samband med spørsmål om slambetaling og andre lovtolkingar innan slamhandtering. ✓ Del av administrative kostnader på tenesteeining kommunalteknikk.
Luster	Renovasjon	213	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Del av «sentrum/badeplass/utfartsområdet-renovasjon», innsamling av avfall/opprydding. ✓ Kontroll og vedlikehald av fakturagrunnlaget for renovasjonsbetaling. ✓ Juridisk bistand i samband med spørsmål om renovasjonsbetaling og andre lovtolkingar innan renovasjon. ✓ Del av administrative kostnader på tenesteeiningane.
	Slam	106	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Administrative kostnader til sakshandsaming av avlaup i sprett bebygging. ✓ Kontroll og vedlikehald av fakturagrunnlaget for slambetaling. ✓ Juridisk bistand i samband med spørsmål om slambetaling og andre lovtolkingar innan slamhandtering. ✓ Del av administrative kostnader på tenesteeiningane. ✓ Dekking av kostnader med oppfølging av vassforvaltningsplan, der eit tiltak er utslepp frå private avløpsanlegg, ettersyn og kontroll av anlegg.
Lærdal	Renovasjon	180	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Del av «sentrum og utfartsområdet-renovasjon», innsamling av avfall/opprydding. ✓ Kontroll og vedlikehald av fakturagrunnlaget for renovasjonsbetaling. Del av administrative kostnader på tenesta. ✓ Juridisk bistand i samband med spørsmål om renovasjonsbetaling og andre lovtolkingar innan renovasjon ✓ Deltaking i FOU innan renovasjon.
	Slam	131	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Kontroll og vedlikehald av fakturagrunnlaget for slambetaling. Del av administrative kostnader på tenesta. ✓ Dekking av kostnader med oppfølging av vassforvaltningsplan, der eit tiltak er utslepp frå private avløpsanlegg, ettersyn og kontroll av anlegg. ✓ Juridisk bistand i samband med spørsmål om slambetaling og andre lovtolkingar innan slamhandtering.

Tabell 8: Oversikt over kommunale tillegg renovasjon og slam.

Av økonomiplanen for perioden 2020-2023 går det fram at SIMAS har tatt over utfakturering av gebyra og kundedialogen for alle kommunane som SIMAS renoverer.

2.4.4 Tilgjengelege og dokumenterte sjølvkostberekningar

SIMAS

SIMAS sitt årsrekneskap syner i ein eigen note årsrekneskapet fordelt mellom dei ulike avdelingane og vidare fordelinga til sjølvkost. Inngåande og utgåande behaldning på sjølvkostfonda for renovasjon og slam går også fram av noten. I årsrekneskapet til selskapet vert ikkje fordelinga til eigarkommunane presentert.

Kommunane

SIMAS har ansvaret for å utføre dei lovpålagde renovasjonsoppgåvene i alle eigarkommunane.. Representantskapet i SIMAS handsamar årsrekneskapen og sjølvkostrekneskapen. Saksdokumenta vert sendt til alle eigarkommunane. SIMAS er med i nokre formannskap/kommunestyre i løpet av året. Ein av eigarkommunane har ein eigen IKS-dag der alle IKS-a, irekna SIMAS, deltek.

Vi har gått gjennom årsrekneskapa til kommunane frå 2019 for å vurdere i kva grad dei presenterer sjølvkostkalkyler for slam og renovasjon for sine innbyggjarar. Verken Aurland, Høyanger, Luster eller Lærdal omtalar sjølvkost for renovasjon og slam i sine årsrekneskap.

Sogndal kommune presenterer i note til årsrekneskapet sjølvkostberekning for slam og renovasjon, saman med sjølvkost for vatn og avløp. Sjølvkostrekneskapet gjeld berre den delen som omfattar dei kommunale tilleggga. I årsrekneskapet går også berekning av renter på sjølvkostfonda i kommunen fram.

I Vik kommune vert det i ein note i årsrekneskapet presentert sjølvkostberekningar knytt til renovasjon. Dette gjeld utgifter knytt til leige av eit deponi til hageavfall. Dette er eit negativt fond. Tidlegare tok kommunen inn kommunale tillegg for å dekkje denne kostnaden. Kostnaden er no redusert, då dei har fått ei rimelegare avtale. Dei tek ikkje lenger inn dette kommunale tillegget. Vik sitt årsrekneskap frå 2018 hadde ei eiga oppstilling av sjølvkostrekneskapet fordelt på kommunane kor SIMAS handsamar renovasjon/slam. Dette er ikkje tatt inn i 2019 rekneskapet grunna forseinka levering av data.

Kritikk til SIMAS og eigarkommunane

I arbeidet med forvaltningsrevisjonen er det kome fram kritikk til SIMAS knytt til sjølvkostberekningane både ved at det er enkeltpersonar som har direkte tatt kontakt med forvaltningsrevisor og gjennom fleire avisinnlegg i lokale media. Samstundes går det fram av SIMAS sin økonomiplan at det har vorte gjennomført ei kartlegging av kor nøgde abonomentane er med SIMAS sine tenester. Den viser at 81 % av dei spurte var nøgde med oppgåvene som SIMAS utfører. Andelen fornøgde abonomentar har auka dei siste åra.

Det er blant anna retta kritikk til SIMAS om at sjølvkostkalkyler ikkje er blitt levert ut på førespurnad. SIMAS oppgir at dei ikkje kjenner til dette. Dei viser til at det har kome fleire spørsmål om sjølvkostrekneskap for hytter på konkrete destinasjonar; eksempelvis Vikafjellet eller Hodlekve. SIMAS har ikkje utarbeida sjølvkostrekneskap for konkrete destinasjonar.

Når ein ser på SIMAS sine heimesider så er gebyra for dei ulike tenestane presentert. Samstundes er ikkje saksdokument knytt til sakshandsaming av gebyr presentert. Årsrapportar med tilhøyrande årsrekneskap framgår på heimesidene. Desse syner årsrekneskapet til SIMAS sjølvkostkalkyla på overordna nivå, men den gjev ikkje detaljert informasjon om kostnadane som inngår og fordeling mellom kommunane.

2.5 Forholdet mellom næring og hushaldningsavfall

2.5.1 Handsaming av verksemd knytt til næring internt i SIMAS

SIMAS si primære verksemd er den lovpålagte handteringa av hushaldningsavfall frå eigarkommunane. Ein stor del av handsaminga av næringsavfall er skilt ut i SIRKLA Ressurs AS, men SIMAS handsamar framleis ein del næringsavfall direkte. Tabellen under viser korleis SIMAS sine driftsinntekter er fordelt mellom hushaldning og næring:

2019	Driftsinntekter	Andel driftsinntekter
Hushaldningsavfall og -slam	49 192 859	67 %
Næringsavfall og -slam	24 605 715	33 %
Sum	73 798 574	100 %

Tabell 9: SIMAS sine driftsinntekter fordelt på hushaldning og næring.

Tabellen over syner at 63 % av SIMAS sine driftsinntekter i 2019 kom frå den lovpålagte verksemda (hushaldning og slam), medan 33 % kom frå næring. 10,6 millionar av inntektene frå næring kom frå SIRKLA.

For å skilje mellom hushaldning og næring i rekneskapet vert inntekter og kostnader ført på ulike avdelingar. Det er skilt mellom avdelingane hushaldning, hushaldning slam, næring og slam næring.

Inntekter

Det er ein stor del av inntektene til SIMAS som kan førast direkte mot den enkelte avdeling. Inntekta SIMAS får frå næring omfattar næringsavfall som vert levert direkte til avfallsanlegget, innsamling av kommunal næring på renovasjonsruta, vidaresal av næringsavfall og inntekter frå SIRKLA. Vidare tømmer SIMAS også slamtankane til enkelte næringskundar. Inntekter frå hushaldningsavfall omfattar blant anna inntekt frå gebyra, innsamling av klede og plast frå hushalda, inntekter frå miljøstasjonen og inntekter frå vidaresal av avfall. I tillegg får SIMAS inntekter for gebyr frå tømning av slamtankar til hushaldningar. Enkelte inntekter vert ført direkte mot den respektive avdeling, medan ein stor del av inntektspostande vert fordelt ved hjelp av fordelingsnøklar mellom dei ulike avdelingane. Gebyr frå hushaldning vert til dømes ført direkte, medan inntekter frå miljøstasjonen vert fordelt mellom hushaldning- og næring.

Kostnader

SIMAS kostnadsfører direkte kostnader knytt til den enkelte avdeling direkte på relevant avdeling. Kostnadane som vert ført direkte mot avdeling føl av ei vurdering av det enkelte bilag og vert ført i sin heilskap i avdelinga sitt rekneskap. Eksempel på kostnader som vart ført direkte mot hushaldningsavfall i 2019 var transport av hyttecontainerar. Kostnader til FOU-prosjekt vart ført direkte på næringsavfall. Omlag ¾ av kostnadane i SIMAS kan relaterast til både næring og hushaldning. SIMAS nyttar då ulike fordelingsnøklar for å fordele den enkelte kostnad mellom avdelingane.

Fordelingsnøklar

I ein rapport frå konsultentselskapet EnviDan utarbeida for SIMAS i 2019 er prinsippet i høve fordeling av kostnader mellom nærings- og hushaldningsavfall utgreia. Vi har også fått oversendt eit notat som skildrar korleis dei enkelte fordelingsnøklane er berekna, som ei forklaring til sjølvkostkalkylen. Det går fram av notatet kva fordelingsnøkkel som er nytta på den enkelte konto i rekneskapet. I følgje SIMAS er det eit mål å nytte mest mogleg objektive nøklar. SIMAS nyttar nøklar etter vekt, omsetning, besøk på miljøstasjonar, tilsette og dieselforbruk. Lønnskostnader vert også fordelt mellom avdelingane, avhengig av kor den tilsette jobbar. Ein del av dei tilsette vert fordelt basert på ei årlig skjønsmessig vurdering av kor mykje den enkelte tilsett jobbar med hushaldning eller næring. Vi har fått oversendt dokumentasjon som syner bakgrunnen for enkelte av fordelingsnøklane.

Ein del av fordelingsnøklane er basert på vektrapportar, som syner i kva grad dei ulike avfallsfraksjonane stammer frå hushaldning eller næringskundar. Dei same fordelingsnøklane vert nytta til å fordele inntekter som oppstår ved vidareasal av det same avfallet, såkalla nedstrømsinntekter. Alt næringsavfall og mesteparten av hushaldningsavfallet vert vegd når det kjem til avfallsstasjonen, og alt vert vegd når det forlet avfallsstasjonen. Eksempelvis er prosessering av papp relatert til både nærings- og hushaldningskundar. Avfallet frå dei ulike kundane vert prosessert samstundes, og kostnadane vert dermed fordelt av ein fordelingsnøkkel basert på vekt.

2.5.2 Handsaminga av transaksjonar mellom SIMAS og SIRKLA

SIRKLA handsamar næringsavfallet som kjem frå kundar som ikkje leverer næringsavfallet sitt direkte på avfallsstasjonane, og driv operativt for å få tak i næringskundar. SIRKLA har bilar og containarar sjølv, og hentar avfall ute hos næringskundar som dei så leverer på SIMAS sin avfallsstasjon.

Rammeavtale mellom SIRKLA og SIMAS

Det er etablert ei rammeavtale mellom SIMAS og SIRKLA i høve kjøp av merkantile tenester og leige av personale mellom selskapa. Avtalen omfattar all handel- og forretningsdrift i samband med drift av SIRKLA, der desse er utført av SIMAS.

I avtalen heiter det at SIMAS skal fakturere SIRKLA for det avfallet deira kundar leverer og arbeidet SIMAS gjer for SIRKLA og deira kundar. I avtalen vert det vist til prislister som gjeld for ulike driftstenester som selskapa gjer for kvarandre. Utgangspunktet er bruttoprislister der det vert gitt rabatt per teneste/fraksjon. Vi har fått oversendt prislister for 2019. Det er utarbeid prislister for farleg avfall, varer, avfallsprisar, abonnement, transport container, ekstra tømning og diverse tenester.

For farleg avfall og varer er det sett ein utpris frå SIMAS, og så skal SIRKLA ha 5 % rabatt på denne. SIRKLA har også nokon kundar som leverer avfall til SIMAS sine bilar, det er kundar som ligg på SIMAS sine renovasjonsruter. For desse kundane fakturerer SIMAS SIRKLA etter sjølvkost og legg på eit påslag på 25 %. Ved ekstratømning er det prisane for abonnement som er gjeldande, men med eit administrativt tillegg. Det vert også lagt til ein ekstrakostnad per kilometer dersom avstanden til ruta er over ein kilometer. Det er SIRKLA som har det operative ansvaret for desse kundane. På transport container og diverse tenester får SIRKLA 10 % rabatt av gjeldande prisliste.

SIRKLA vert fakturert for avfallet dei leverer på SIMAS sin avfallsstasjon, etter gjeldande priser. For dei største kundane som leverer avfall på vekta så har SIMAS utarbeida ei rabattmatrise. Rabatten varierer mellom 10 og 40 %. Vi har fått oversendt rabattmatrisa som syner oversikten over kundane som får rabatt når dei leverer på vekta, kor SIRKLA er omfatta. I følgje dagleg leiar er det volumet på avfallet næringskundane leverer som styrer rabattane.

I følgje rammeavtalen skal det utarbeidast årleg bonusavtale knytt til volum på prioriterte avfallsfraksjonar. SIMAS oppgir at dette punktet ikkje lenger er relevant då SIMAS har endra

prislistemodellen sin mot alle næringskundar. Det er no etablert ei bruttoprisliste med rabattar som tek i vare dette. SIMAS presiserer at det ikkje er prisrabattar på alle avfallsfraksjonar. SIMAS opplyser at rammeavtalen vil verta endra i tråd med desse endringane.

Av rammeavtalen går det også fram at prosjektprisar kan framforhandlast mellom selskapa når det er ynskjeleg og naudsynt.

Utover handsaming av avfall som SIMAS gjer på vegne av SIRKLA, går det også fram av avtalen andre tenester som SIMAS gjennomfører for SIRKLA. Her inngår:

- ✓ Ordinære merkantile tenester. Her inngår ordinære oppgåver knytt til forretningsdrifta av SIRKLA.
- ✓ Utstyr og dataprogram. Kostnad ved bruk av dataparken til SIMAS vert fordelt i samsvar med bruken mellom selskapa.
- ✓ Administrative støttetjenester. SIMAS stiller sine administrative ressursar og kompetanse til disposisjon for SIRKLA. Desse tenestene skal bli fakturert etter årleg gjennomgang av omfang av tenestene to gongar i året.

SIMAS gjennomførte tidlegare fakturatjenester for SIRKLA. SIMAS oppgir at SIRKLA no har teke over denne oppgåva sjølv. Vi har ikkje fått oversendt prislister knytt til administrative tenester. Samstundes opplyser SIMAS at dei estimerer kor stor del av den enkelte tilsette si tid som vert nytta til å handsama tenester for SIRKLA. Dei fakturerer då SIRKLA den respektive andelen av den tilsette si løn og legg på eit påslag på 40 % for dekking av sosiale kostnader.

I følgje rammeavtalen skal SIMAS fakturere for sine tenester månadleg. Det skal gjennomførast halvårlege møter for gjennomgang av kontrakten. I desse møta vil ein ha spesielt fokus på behov for endringar i kontrakten og om det vert levert i samsvar med kontrakt. Per juni 2020 er det ikkje gjennomført eigne kontraktsmøte mellom SIMAS og SIRKLA.

Rammeavtala vil bli endra i tråd med endringane knytt til prislistemodellen og fakturering.

Det er utarbeida ei eige rutine for internfakturering til SIRKLA. Denne rutinen skildrar det praktiske rundt faktureringa av SIRKLA. Her går fram at det skal vere rabattar på avfallstenester levert på vekta. Revisjonstenester på renovasjonstenester er prisa til sjølvkost + 25% medan utleige av manskap følger sjølvkost.

Transaksjonar mellom SIMAS og SIRKLA

Vi har fått sendt over alle transaksjonar som har vore mellom SIMAS og SIRKLA frå 2018 til og med mars 2020. I denne perioden har det vore 235 faktura frå SIMAS til SIRKLA, med ein sum på 44,2 millionar kroner. I same periode har det vore sendt 34 faktura frå SIRKLA til SIMAS med ein sum på 893 000 kroner.

Vi har fått oversendt 6 tilfeldig utvalde fakturaer knytt til ulike tenester som SIRKLA og SIMAS har levert til kvarandre. Fakturaene omfattar både transaksjonar kor SIRKLA og SIMAS er leverandør. Vi har testa desse fakturaene. Testen omfattar:

- ✓ 1) om transaksjonen er knytt til ein avtale
- ✓ 2) om pris er avtalt eller skriftlig fastlagt
- ✓ 3) om prisen er i samsvar med kravet til sjølvkost (når SIRKLA leverer tenester til SIMAS) / armlengdes pris (når SIMAS leverer tenester til SIRKLA), jfr aksjeloven § 3-9
- ✓ 4) om avtalt/fastlagt pris er nytta ved fakturering.

Informasjon om desse fakturaene er vist i tabellen under:

Nr	Transaksjonen omfatter	Kjøpar	Selgar	1) Skriftlig avtale	2) Dok. pris	3) Pris	4) Avtalt /fastlagt pris brukt ved faktura
1	Tømming og transport av container Vask Containerleige	SIMAS	SIRKLA	Nei	Ja/ Vidare- fakturering	Markedspris + 10 % rabatt Markedspris	Ja
2	Vidarefakturering vask	SIMAS	SIRKLA	Nei	Vidare- fakturering	OK	N/A
3	Administrativt arbeid	SIRKLA	SIMAS	Ramme- avtale	Ikkje spesifisert i rammeavtale	Ja	N/A
4	Næringsavfall på ruta	SIRKLA	SIMAS	Ramme- avtale	Ja, i prisliste	Ja	Ja
5	Næringsavfall levert på vekta Containerleige	SIRKLA	SIMAS	Ramme- avtale	Ja	Usikker	Ja
6	Utstyr og dataprogram Straum og vask 2019	SIRKLA	SIMAS	Ramme- avtale	Ja	Ja	Ja

Tabell 10: Utval fakturaer knytt til tenester mellom SIRKLA OG SIMAS.

Faktura 1 gjeld tenester som SIMAS har kjøpt av SIRKLA. Det er ikkje utarbeid noko skriftleg avtale for tenester SIRKLA gjer for SIMAS. I følgje dagleg leiar gjennomfører SIRKLA småoppdrag for SIMAS innimellom. Desse oppdraga er langt under terskelverdi. Større oppdrag vert lyst ut på anbod, kor SIRKLA gjerne er ein av leverandørane som svarar på anbodskonkurransen. For oppdraga knytt til tømming er SIMAS blitt fakturert gjeldande, offisiell pris, med 10 % rabatt. For containerleige er SIMAS blitt fakturert gjeldande, offisiell pris.

SIMAS oppgir at utleige av mannskap frå SIRKLA til SIMAS blir gjennomført til sjølvkost, der ein dekkjer lønn + 40 % påslag til dekking av sosiale kostnader. Slike oppdrag blir gjennomført i liten grad, og det blir også nytta andre transportørar enn SIRKLA. SIMAS har endra driftsmodellen på eigne containerbilar så det er no minimalt behov for å leige inn andre transportørar.

Faktura 2 er vidarefakturering av tenester knytt til lokale som både SIRKLA og SIMAS nyttar i Kaupanger.

Faktura 3 gjeld administrativt arbeid. Desse tenestane er skildra i rammeavtalen, men det er ikkje utarbeid eigne prislistar. I følgje økonomisjef vert administrative tenester fakturert med andel av løna til den tilsette, etter eit anslag på kor mykje den enkelte ressurs har arbeid for SIMAS. Det vert så lagt på eit påslag på 40 % til dekking av sosiale kostnader.

Faktura 4 gjeld næringsavfall som SIMAS har henta inn på vegne av SIRKLA på renovasjonsruta. Dette er fakturert i samsvar med gjeldande avtale og prisliste.

Faktura 5 gjeld næringsavfall som vert levert av SIRKLA på vekta. Dette er fakturert i samsvar med gjeldande avtale og rabattmatrise.

Faktura 6 gjeld vidarefakturering av utstyr og dataprogram som vert nytta av både SIMAS og SIRKLA, dette er i samsvar med gjeldande avtale.

3. Vurderingar

I dette kapitelet svarar vi ut forvaltningsrevisjonen sine problemstillingar:

1. Har Simas rett fordeling av kostnader mellom hushaldningsavfall og næringsavfall, irekna at gebyr frå hushaldningane ikkje vert teke inn og brukt til andre føremål enn handsaming av hushaldningane sitt avfall?
2. Vert hushaldningane og fritidsbustadar belasta rett gebyr (sjølvkost)?

3.1 Fordeling av kostnader mellom hushaldnings- og næringsavfall

Sjølvkost er kostnadane som direkte og indirekte gjeld produksjonen av tenesta det skal betales gebyr for. Inntekter som knytt seg til kostnader som er omfatta av sjølvkost skal trekkast frå. Typisk er inntekter ved vidareasal av avfallsfraksjonar, sal av driftsmidlar osv.

Nokre av kostnadene og inntektene gjeld både lovpålagt innsamling av hushaldningsavfall og innsamling av næringsavfall. SIMAS må fordele desse kostnadene og inntektene mellom hushaldning og næring slik at dei får ei best mogleg fordeling i tråd med faktisk bruk.

I tillegg både leverer og kjøper SIMAS tenester til/frå SIRKLA. Ved transaksjonar mellom selskapa, kontrollerer SIMAS prisinga av tenestene. Både aksjeloven og sjølvkostprinsippet krev at prising mellom nærstående skal vere basert på vanlege forretningsmessige vilkår og prinsipp (på armlengdes avstand).

Krysssubsidierting vil vere om kostnadsfordeling ikkje representerer den reelle ressursinnsats eller faktisk bruk, eller om ikkje pris på tenester er sett på armlengdes avstand.

Fordelingsnøklar og fordeling av felleskostnader

I avsnittet vil vi vurdere SIMAS sin bruk av fordelingsnøklar til å fordele kostnader og inntekter som gjeld både hushaldningsavfall og næringsavfall (og slam). SIMAS har merka kvar einskild konto med fordelingsnøklar, og avstemt fordelt rekneskap mot summert rekneskap. Dette sikrar at samtlige kontoar er tatt omsyn til.

Direkte fordeling

SIMAS nyttar så langt det let seg gjere, reine kontoar. Det vil seie at om det er inntekts- eller kostnader som berre vart nytta til enten hushaldningsavfall eller næringsavfall, så vart heile kontoen fordelt der den faktiske bruken er. Til dømes vart transport av hyttecontainerar lagt til hushaldningsavfall, mens kostnader og inntekter knytt til utleige av containerar i sin heilskap er lagt til næringsavfall. Samtlege direkte fordelingar er grunngeve i sjølvkostrekneskapet. Dette er i tråd med M-258 og regelverket.

Omsetning som fordelingsnøkkel

Omsetning er nytta som fordelingsnøkkel på typiske finanspostar som inkassokostnadar og renter og eksterne konsulentar som ikkje er knytt til sjølve tenesteproduksjonen, til dømes revisor og juridisk bistand. Dette er grunngeve med at det er kostnadar som gjeld dei fleste områda i SIMAS. Kostnadar til slamtømming vart fordelt etter omsetning på slamtømming (privat og næring).

I tillegg inngår omsetning i fordelingsnøkkel for forbrenning av restavfall.

Finanspostar er fordelt i tråd med M-258, medan det i veilederen ikkje er sagt noko eksplisitt om konsulentar. I andre samanhengar (til dømes mva) er omsetning ofte nytta som ei tilnærming til fordeling etter faktisk bruk. Det er ei objektiv fordeling, og lett etterprøvbar. Etter vår vurdering er det ikkje urimeleg å nytte omsetning som fordelingsnøkkel slik SIMAS gjør, og vi meiner dette er i tråd med M-258 og regelverket.

Årsverk og fordelingsnøklar basert på årsverk

Lønnskostnadar er fordelt ut frå årsverk som jobbar med dei forskjellige oppgåvene. Den enkelte tilsett har ein fordelingsnøkkel ut frå faktiske oppgåver – til dømes er det ei anna fordeling på tilsette som arbeidar på miljøstasjonen og dei som jobbar i administrasjonen. Til denne fordelinga nyttar SIMAS underliggende kostnadsnøklar som reflekterer ressursbruken i høve til om det er hushaldningsavfall eller næringsavfall (eller slam). Døme på underliggende fordeling er omsetning på dei to områda, tall m3 levert på miljøstasjon (vart logga i kassesystemet Pocket Sales) og vekta tømmevolum (tall dunkar og tømmefrekvens). Det er enkelte tilsette som er fordelt manuelt, men dette er då grunngeve. I all hovudsak er fordelinga basert på objektive data. Underliggende data som bygger opp om den endelege fordelinga.

Årsverk og andre fordelingsnøklar basert på årsverk vart nytta til å fordele lønnskostnadar og ein del av andre driftskostnadar kor SIMAS meiner årsverk er best representativt for faktisk bruk. Til dømes vart rekneskap/administrasjon fordelt basert på *årsverk administrasjon*, medan vedlikehald vart fordelt basert på *årsverk ute ansatte*. Alle val av fordelingsnøklar er grunngeve.

I tillegg nyttar SIMAS desse fordelingsnøkklane til å fordele nokre av avskrivingskostnadane. Her er ikkje gitt nokon vurdering, men etter vår vurdering framstår fordelinga naturleg – til dømes vart avskrivninga på administrasjonsbygg fordelt basert på *årsverk administrasjon*.

Etter vår vurdering er fordeling av lønnskostnadene godt dokumentert med tanke på kor den reelle ressursinnsatsen er nytta, og i tråd med M-258 og regelverket.

Avskrivningar

Avskrivningar er på same måte som lønnskostnadar fordelt ut frå den faktiske bruk av anleggsmiddelet. Papirpresse er fordelt til dømes ut frå omsetning og tonnasje på papir, containarar ut frå vekta tømmevolum osv. SIMAS har ei god dokumentasjon på fordeling av anleggsmidlane. Etter vår vurdering er fordeling av avskrivningane godt dokumentert med tanke på kor den reelle ressursinnsatsen er nytta, og i tråd med M-258 og regelverket.

Fordelingsnøklar basert på vekt og volum

SIMAS nyttar ei rekke fordelingsnøklar som er basert på vekt og volum. Sjølv om tonnasje (vekt) er den tilrådde fordelingsnøkkelen i veilederen, er det ikkje alltid mogleg å nytte vekt som nøkkel – og da er volum nytta som ei praktisk tilnærming. Vi gjennomgår dei viktigaste fordelingsnøkklane knytt til vekt og volum:

- Miljøstasjon

Alle leveringar på miljøstasjonar vart registrert i Pocket Sales med volum og kven som leverer (privat eller næring). Fordeling av kostnader knytt til miljøstasjonen, til dømes transportkostnader og driftsavtalar, er basert på denne fordelingsnøkkelen. I tillegg inngår miljøstasjon som fordelingsnøkkel i andre fordelingar

- restavfall saman med omsetning, jf overfor.
- Avfallsfraksjonar som leverast på miljøstasjonar; skrap, trevirke, impregnerert trevirke osv, medan resterande av slike avfallsfraksjonar er definert som næring

Anleggsmidlar som tilhøyrar miljøstasjonen er definert og merka i anleggsregister, og avskrivningar og kapitalkostnader for miljøstasjonar er fordelt med denne fordelingsnøkkelen.

Fordelingsnøkkelen er objektiv og etterprøvbar, og bruken av fordelingsnøkkelen er grunngjeve. Etter vår vurdering er bruken i tråd med M-258 og regelverket.

- Vekta tømmevolum

SIMAS nyttar ein fordelingsnøkkel som dei sjølv skildrar som ei vekta utrekning basert på volum multiplisert med faktisk frekvens for næring og tall abonnemantar og frekvens for hushaldning. Det framstår ikkje klart korleis den faktiske fordelingsnøkkelen vart berekna i det oversendte datamaterialet, og korleis dette gjenspeilar faktisk bruk. Dette gjeld 6-7% av kostnadene for 2019.

Vi har undervegs i høyringa motteke dokumentasjon (tømmedata frå SIRKLA) som betre underbygger berekninga. Det er framleis eit mindre avvik på tømmedata i høve til input i fordelingsnøkkel. Effekten på fordeling mellom hushaldning og næring er etter dette marginal, om lag 0,2%. Vi vurderer at sporbarheita mellom underliggende data og fordelingsnøkkelen som blir nytta i sjølvkostmodellen kan bli betre dokumentert.

Transaksjonar mellom SIMAS og SIRKLA

Skriftlegheit

Rammeavtale mellom SIMAS og SIRKLA omhandlar både tenester knytt til leveransar i drift, merkantile tenester, IT-system og andre administrative tenester. Leveransar i drift omfattar blant anna abonnementspriser, levering av avfall, containerleige og transport av container. Det er ikkje tilsvarende avtale andre vegen – om SIRKLA leverer tenester til SIMAS. Kravet i aksjeloven § 3-9 er at vesentlege konserninterne avtaler skal vere skriftlege.

SIMAS har sendt 235 faktura til SIRKLA, med ein sum på 44,2 millionar kroner. Rammeavtalen fangar i prinsippet alle tenesteleveransane frå SIMAS til SIRKLA.

Frå SIRKLA til SIMAS er det sendt 34 fakturaer med ein sum på 893 000 kroner i perioden 2018 til mars 2020. Omfanget er vurdert ikkje å vere vesentleg korkje for SIRKLA eller SIMAS.

Etter vår vurdering er kravet om skriftlegheit for vesentlege konserninterne avtalar oppfylt. Vi tilrår likevel at det blir utarbeida skriftleg avtale for tenester SIRKLA yter SIMAS, både for å sikre notoritet og etterprøvbarheit, og for å sikre at krav i høve til offentlege anskaffingar er følgt.

Prising

SIMAS har utarbeida prislister for vanlege tenester i drift. For SIRKLA er denne lagt til grunn, med fastsette rabattar frå 0-40% av listepriis. Vi har samanlikna enkelte prisar (offisielle prislister) mot andre avfallsselskap og ser at SIRKLA ikkje kan levere avfall til vesentleg lågare pris hjå SIMAS enn dei kunne gjort hos andre avfallsselskap.

For administrativt arbeid er det ikkje avtalt pris, men omfang vart stipulert og fakturert andel av lønn + 40%, såkalla kost-pluss-avtale. Påslaget vil då dekkje feriepengar, pensjon, arbeidsavgift mv, og er etter vår vurdering eit rimeleg påslag, og ikkje uvanleg måte å fakturere for det som oppfattast som fellesressursar.

For IT-system er det også fakturert for stipulert andel av faktisk bruk frå SIMAS til SIRKLA.

Prising frå SIRKLA til SIMAS skjer i tråd med prislister. For tenester som gjerast av selskap eigd av SIMAS må tenesta vere tilbode konkurranse med andre eller til sjølvkost, jf retningslinjer H-3/14 kapittel 8.

Etter vår vurdering er krav om armlengdes pris oppfylt i dei høve SIMAS fakturerer SIRKLA, men fakturering frå SIRKLA til SIMAS skulle vore utsatt for konkurranse eller til sjølvkost. Prisane eller prinsipp for prising er avtalt og skriftleg. Samstundes vurderer vi at med ny driftsmodell som reduserer tenester frå SIRKLA til SIMAS vil risikoen bli redusert.

Fakturaene vi har kontrollert har ikkje hatt avvik i høve til avtalte prisar.

3.2 Gebyrstorleik for hushaldning og fritidsbustadar

SIMAS si verksemd er delt i 4 hovudområde; avfall og slam for hushaldningar, og avfall og slam for næringsdrivande. SIMAS lagar eit sjølvkostrekneskap/etterkalkyle der samtlege kontoar vart fordelt på eit eller fleire av verksemda. Sidan SIMAS ikkje driver med anna verksemd, er alle kostnadane i selskapet relevant for eit av dei 4 områda.

Vi har gjennomgått etterkalkylen med fordelingsnøklar i detalj under punkt 3.1. Etter vår vurdering har SIMAS eit godt grunnjeve og dokumentert etterkalkyle for sjølvkostberekninga si. Kontoar og fordeling av kostnader og inntekter er godt skildra med innhald, og korleis dei heng saman med dei 4 områda.

Om det er krevd inn for mykje i gebyr vart dette satt av i rekneskapen som gjeld til hushaldningane/ forskottsbetaling, og motsett om det er krevd inn for lite. Dette vart kalla sjølvkostfond. I ei 3-5 års periode skal sjølvkostfondet gå i 0. I rekneskapen til SIMAS for 2018 og 2019 står opplysningane om rekneskap for renovasjon i note 11. Her står òg saldo på sjølvkostfondet, og per 31.12.2019 viste det kr 1 143 093. Det vil seie at det er tatt for mykje inn i renovasjonsgebyr per 31.12. Resultatet frå sjølvkostrekneskapen svingar ganske mykje frå år til år. Siste gong sjølvkostfondet var negativt var 31.12.2016. Dette er innanfor 3-5 års perioden, og vi har ikkje avdekkja brot på reglane om at det skal vere balanse i sjølvkostrekneskapen i løpet av ei 3-5 års periode.

SIRKLA sin fakturering til SIMAS skulle vore til sjølvkost om den ikkje er konkurranseutsett. Vi har ikkje gått inn på nærmare vurderingar av dette. Kostnad frå SIRKLA utgjer mindre enn 1% av totalkostnadane i løpet av eit år.

3.3 Andre forhold

Det er komme noko kritikk i form av lesarinnlegg mot SIMAS og særleg i samband med ny gebyrmodell for «fritidsrenovasjon», vinteren 2020. Noko av kritikken er litt på sida av våre undersøkingar, men det er likevel naturleg å kommentere dei i denne rapporten.

Kommunale tillegg

Eit av punktane som det er stilt spørsmål om, er dei kommunale tilleggane i Sogndal, Luster og Lærdal. I fylgje renovasjons- og slamforskrifta heter det at «*Om kommunane ynskjer å gje ekstra service til*

abonnentane utover tilbodet frå SIMAS, skal kommunane dekkje dette sjølve i samsvar med reglane for sjølvkost». Vi har ikkje gjort undersøkingar på kva dei kommunale tillegg faktisk dekkjar i dei enkelte kommunane, men byggjar på skildring av tenesta i prislista, jamfør punkt 2.4.3.

Etter M-258 punkt 5.2 Avfall med ukjent opprinnelse/forsøpling og forurensingsloven §§ 34-35 skal ikkje avfallsgebyr dekke «oppsetting og tømning av avfallsbeholdere på utfartssteder og andre sterkt besøkte offentlege steder...».

Etter dette kan fylgjande poster antakelig ikkje inngå i gebyr for renovasjon:

- Sogndal: Del av sentrumsrenovasjonen, innsamling av avfall i dei "grøne avfallsboksane"
- Luster: Del av «sentrum/badeplass/utfartsområdet-renovasjon», innsamling av avfall/opprydding
- Lærdal: Del av «sentrum og utfartsområdet-renovasjon», innsamling av avfall/opprydding.

Det er usikkert i kva grad FOU-kostnader kan inngå i renovasjonsgebyr. SIMAS har fordelt slike kostnader til næringsverksemd. I den grad desse kostnadane er relatert til betre eller meir effektive tenester for innbyggjarane i desse kommunane, vil dei antakeleg kunne takast med. Sogndal, Luster og Lærdal har alle tatt med kostnader til FOU.

*I tillegg skal dei kommunale tillegg dekke kostnader knyta til **Kontroll og vedlikehald av fakturagrunnlaget for renovasjonsbetaling, Juridisk bistand i samband med spørsmål om renovasjonsbetaling og andre lovtolkningar innan renovasjon og Del av administrative kostnader på tenesteeiningane.***

Både etter den lokale renovasjons- og slamforskrifta og sentrale sjølvkostreglar må den einskilde kommune dokumentere og grunngje FOU og andre kostnader på same måte som for SIMAS sin sjølvkostkalkyle. Vi har ikkje kontrollert eller vurdert dei lokale tillegg utover dette.

Ny hyttemodell

Renovasjonsgebyr skal som nemnt under punkt 3.1 andre avsnitt dekkje alle direkte og indirekte kostnader minus inntekter. Korleis struktur for gebyra er bygd opp for å dekke kostnadane, er i prinsippet eit politisk spørsmål. Til dømes kor stor del av kostnader med miljøstasjonar skal liggje til fastgebyr og kor stor del av kostnaden skal liggje på dei faktiske brukarane. Det betyr at SIMAS står relativt fritt til å utforme gebyrmodellar ut i frå dei signala og føresetnadane som er gitt politisk.

Grunnen til at gebyr for fritidsbustader er lågare enn for hushaldningar er normalt at det er mindre avfall, færre tømningar, innsamlingspunkt eller liknande med fritidsbustadar – noko som i praksis betyr lågare kostnader for SIMAS. Når SIMAS endrar frå eit enkelt gebyr til kriteriemodellen må dei grunngjeve dette i at det er lågare kostnader i samband med renovasjonstenestene for enklare hytter enn for nyare, større og hyttar med innlagt vann og straum. Vurderinga er at større/meir moderne hytter vart nytta meir og difor produserer meir avfall. Vi har ikkje motteke noko dokumentasjon som underbygger desse vurderingane.

Den nye gebyrmodellen frå SIMAS skal ha eit «standardgebyr» for fritidsbustadar som ligg på 50% av eit standardgebyr for vanlege hushaldningar, mot tidlegare 40% av eit standardgebyr for vanlege hushaldningar. Dette grunngjeven i at gebyret ikkje dekka dei reelle kostnadane i samband med renovasjonstenesta for fritidsbustadar.

Avgjersle om å auke standardgebyr frå 40 % til 50 % av standardgebyr vil isolert sett bety ei auke på 25% i renovasjonsgebyr for fritidsbustadar. Når modellen i tillegg er endra, kan det bli ei ganske stor auke for den einskilde fritidsbustad. Vi har i våre undersøkingar berre vurdert den totale sjølvkostrekneskapen, og ikkje forskjell mellom fritidsbustadar og vanlege hushaldningar. Vi har likevel gjort nokre undersøkingar knytt til forholdet mellom gebyra for fritidsbustadar og hushaldningar, for å

sjå at ikkje delen som vart belasta fritidsbustader framstår som urimeleg. Denne viser standardgebyr for fritidsbustader i høve til standardgebyr for hushaldningar:

- i BIR: 45-50%
- i IHM: 45%
- i NGIR: 50%
- i NOMIL: 35%
- i SIM/Austevoll: 53%.

I høve til andre standardgebyr i andre renovasjonsselskap framstår ikkje 50% av standardgebyr som urimeleg.

4. Tilrådingar

4.1 Dokumentasjon av fordelingsnøklar

- ✓ SIMAS har i all hovudsak godt grunngeve og dokumenterte fordelingsnøklar. Det er likevel grunnlag for forbetring i å dokumentere samanheng mellom datagrunnlag og fordelingsnøkkel. Vi tilrår at underdokumentasjon for fordelingsnøklar som ikkje ligg i sjølve modellen blir forbetra med tanke på sporing frå underdokumentasjon og inn i modellen.

4.2 Skriftlege avtaler

SIMAS har ein rammeavtale med SIRKLA for tenester som SIMAS leverer. Det er ikkje nokon tilsvarande rammeavtale i tiffella der SIRKLA leverer tenester til SIMAS. I den grad det ikkje er rein vidarefakturering tilrår vi at ei slik rammeavtale blir inngått. Det vil sikre notoritet og dokumentasjon av prising. Prising skal vere sjølvkost om ikkje det er konkurranseutsett.

4.3 Kommunale tillegg

- ✓ SIMAS er ikkje ansvarleg for dei kommunale tilleggga. Her må kommunane sjølve legge fram sjølvkostrekneskap, noko vi tilrår for å vise at ikkje kommunen tar inn for mykje i renovasjonsgebyr. Ut frå skildring av kva kostnader dei kommunale tilleggga skal dekkje, ser det ut til at kommunale kostnader i form av opprydding av «herreløst» avfall på offentlege stadar feilaktig er belasta innbyggjarane i form av kommunale tillegg.

4.4 Hyttemodell

- ✓ SIMAS har innført kriterier for å differensiere gebyr til fritidsbustadar. Dette er tillate om differensieringa skjer med grunnlag i reelle forskjellar i kostnadene. Vi har ikkje motteke noko dokumentasjon som synar denne forskjellen utover vurderinga frå SIMAS i samband med innføringa av den nye modellen. Vi tilrår at SIMAS framover utarbeidar dokumentasjon som synar reelle forskjellar i kostnader knytt til kriteriemodellen.

5. Høyringsuttale SIMAS IKS

KPMG
Att: Magnus Nedrelid Heggen

Festingdalen 30.09.20

Kommentarar til rapporten frå forvaltningskontroll av SIMAS IKS

Me viser til utkast til rapport frå forvaltningskontrollen av SIMAS IKS mottatt 24.09.2020 gjennomført av KPMG. Rapporten viser, etter våre vurderinga, eit godt bilde av transaksjonane og fordeling av kostnader mellom dei lovpålagde aktivitetane og dei konkurranseutsatte næringsaktivitetane i selskapet. Det vert konkludert med at det ikkje er noko kryssubsidiering mellom SIRKLA Ressurs AS og SIMAS IKS. Dette i tråd med det som SIMAS tidlegare har informert eigarkommunane om i brev av 26.02.19. Me har i eiga tilbakemelding kommentert enkelte forhold som me meiner kan presiserast nærmare, men desse er ikkje avgjerande for konklusjon i rapporten på dette punktet.

Når det gjeld fordeling av gebyr mellom hushaldning og fritidsbustader har me følgjande generelle kommentarar:

- Ny gebyrmodell for fritidsrenovasjon var operativ frå og med 01.01.20. Etterkalkyle basert på sjølvkostrekneskapen som er utført, og oversendt KPMG, viser samla sett at prinsippa i sjølvkost på fritidsrenovasjon er oppnådd med den nye gebyrmodellen. Dette er basert på fyrste faktureringsperiode. I prinsippet bør fritidsabonnentane i snitt betale 50% av hushaldningsabonnentane. Målsettinga med endringane i hyttegebyrmodellen var å heve kostnadsdekkinga frå fritidshusabonnentane frå 40% til 50% av standard hushaldningsgebyr.
- Ein bør nytte modellen i minst to år for ein gjere større endringar. Me ser at det er mange endringar i matrikkelen som følgje av endring i gebyrmodell for renovasjon. SIMAS vil følgje opp gebyrmodellane framover slik at desse vert oppfatta som mest mogeleg målretta og rettferdige.
- Den nye gebyrmodellen for renovasjon har medført mykje arbeid med oppdatering og korrigering av matrikkelen slik at denne er i samsvar med til dømes dagens bruk av bygg. Rett informasjon i matrikkelen er naudsynt for at me skal kunne effektivisere kundehandsaming både for renovasjon og for andre tenester i kommunane. Dette er også i abonnentane si interesse. Sjølv om SIMAS har fått mykje negativ merksemd på dette punktet vurderer me det som samla sett positivt for alle partar, dvs både abonnentane, eigarkommunane og SIMAS, med oppdatert matrikkel.
- KPMG peikar på mangel på berekningar eller dokumentasjon som grunngeving for forskjellane mellom dei ulike kategoriane knytt til fritidsrenovasjon. SIMAS har nytta informasjon frå andre avfallsselskap supplert med eigne berekningar for å komme fram til forslag til modellen som er nytta. Dette er kommentert nærmare i tilsvaret på rapporten.
- Etter kvart som me får meir og betre registreringar vil gebyrmodellen kunne korrigerast og verte målretta. Det er uansett kompliserte vurderingar då regionen til SIMAS har krevjande infrastruktur, ikkje minst for fritidsrenovasjon. Til dømes so ønskjer SIMAS ikkje ei løysing med mengdebasert registreringssystem pr abonnent, sjølv om dette vert oppfatta som mest rettferdig. Det er heller ikkje, pr i dag, ønskeleg



med låste hyttekonteinerar alle plassar. For begge desse forholda er vår bekymring at dette fører til auke ureining.

SIMAS arbeider for å få på plass gebyrmodellar, både for hushaldnings- og fritidsrenovasjon, som vert oppfatta som mest mogeleg rettferdig.

Dette til informasjon.

Med vennleg helsing
SIMAS IKS

Hallvard Thomassen
Direktør

Vedlegg 1 - Revisjonskriterier

Her føl ei skildring av revisjonskriteria vi har nytta i rapporten. Utover dei skildringane og uttrekka frå regleverket som går fram her, så er rettleiarane *Beregning av kommunale avfallgebyr, utdyping av avfallsforskriften kapittel 15⁴* og *Retningslinjer for bergning av selvkost for kommunale betalingstjenester⁵* nytta i sin heilskap.

Sjølvkost inneber at SIMAS si totale kostnadsauke ved å frambringe tenesta skal dekkjast av brukarane av tenesta. Ein kan ikkje tene pengar på sjølvkosttenestene. I følgje forureininglova § 34 må renovasjon drivast til sjølvkost.

Det føl av dette at den som driv både hushaldnings- og næringsrenovasjon må skilje tenestane, med eit minimumskrav om å føre separate rekneskap, jfr. Avfallsforskriften § 15-4. føremålet med regelverket er å sikre at forureinar betalar, slik at alle kostnadar til hushaldningsavfall vert dekkja gjennom avfallsgebyret. Det er også eit føremål å unngå kryssubsidiering, og at hushaldningsabonementa ikkje vert belasta for andre kostnadar enn akkurat dei knytt til tenestane dei mottek.

Krav til internprising

Det følgjer av Forurensningsloven § 34 at kostnadar som SIMAS har med handtering av lovpålagt hushaldningsavfall skal dekkjast av eit avfallsgebyr som skal vere basert på sjølvkost. Det føl av dette at kostnadar som gjeld næringsavfall må skiljast ut, og vidare at kostnadar knytt til handtering av næringsavfall på vegne av SIRKLA må fakturerast selskapet.

For prising av varer og tenester som SIMAS, som driver med lovpålagt handtering av hushaldningsavfall sel til SIRKLA, som driv med konkurranseutsett næringsavfall, gjeld føresegnet i aksjeloven § 3-9, 1. ledd: "*Transaksjoner mellom selskaper i samme konsern skal grunnes på vanlige forretningsmessige vilkår og prinsipper.*" I dette ligg at transaksjonar mellom selskap i same konsern må ha ein form og eit innhald som er i samsvar med vanleg praksis i marknaden. Av dette følg at vederlaget for transaksjonane skal representere prisar som sikrar armlengdes avstand mellom selskapet.

At konserninterne transaksjonar skal "grunnes på" vanlige forretningsmessige vilkår og prinsipp, inneber vidare at avtalar skal ha ein forretningsmessig grunngjeving, for ikkje å vere i strid med føresegna. I tillegg seier § 3-9 noko om forholdet mellom partane sine ytingar. Ifølgje forarbeida inneber aksjelovens § 3-9 at det skal vere likevekt i kontraktsforholdet når det gjeld partane si yting og vilkår for øvrig. Av dette følg at det ikkje lovlig kan inngås transaksjonar som representerer ein ein-sidedig verdioverføring som ikkje er forretningsmessig grunngjeve.

Ulovleg kryssubsidiering

Forbod mot at eit selskap/konsern si verksemd som gjeld lovpålagt handtering av hushaldningsavfall kryssubsidierer (medfinansierar) kommersielle verksemdar, er nedfelt i avfallsforskriften §15-4. Føresegnet tilseier at kostnadar som er felles for lovpålagt handtering av hushaldningsavfall og for avfallstenestar som vert seld i marknaden, skal fordelast forholdsmessig. Vidare inneber forbodet mot kryssubsidiering blant anna at ved kjøp/sal mellom selskap som driv med lovpålagt verksemd og selskap

⁴ Miljødirektoratet 2014.

⁵ Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014.

som driv med konkurranseutsett aktivitet skal pris for transaksjoner vere fastlagt/avtalt til armlengdes pris, jfr. aksjeloven § 3-9.

Grunngjeingar for forbodet mot kryssubsidiering er å sikre konkurranse på like vilkår i marknaden, gjennom å hindre at selskap som konkurrerer i marknaden får økonomiske fordelar frå offentlege midlar, i strid med reglar om offentlig støtte.

Krav til skriftlege avtalar

Hovudregelen i norsk rett er at det ikkje er krav om skriftlege avtalar for at disposisjonar/avtalar som gir rett og plikt for partane skal vere bindande⁶. Krav til skriftlege avtalar er derimot lovfesta for enkelte avtalar. Til eksempel må vesentlege transaksjonar mellom aksjeselskap vere skriftleg avtalt, jf aksjeloven § 3-9, 1. ledd⁷. Kva avtalar som skal sjåast som "vesentlege" og som derfor må vere skriftlege skal vurderast konkret i kvart tilfelle. Moment i vurderinga er bl.a. selskapa og transaksjonane sin størrelse. Transaksjonar mellom SIMAS og SIRKLA om kjøp/sal av varer og tenester for gjennomføring av tildelt ansvar med handtering av hushaldingsavfall utgjer store delar av selskapa si omsetning. Transaksjonane bør difor reknast som vesentlege for selskapa, og vere grunna på skriftlige avtalar.

Skriftlige avtalar bidreg til transparens i mellomværande mellom selskapa og notoritet (etterviselighet og etterprøvbarhet) om transaksjonen og prisvilkåra som er bestemt. Skriftlege avtalar klargjer kva som er partane sine rettar og pliktar, og kva inntekter og utgifter selskapa har.

Ut frå omsynet til notoritet og transparens bør transaksjonar som ikkje vert rekna som vesentlege ift omsetning, men som er fast og regelmessige over tid vere skriftleg avtalt. Det bør trekkas ei nedre grense for krav til skriftleg avtale for eingangstransaksjonar med liten verdi. For slike eingangstransaksjonar bør det imidlertid føreligge skriftlige bestillingar eller ordre, slik at selskapet har muligheit for å kontrollere at leveranse og faktura er riktig opp mot kva som er bestilt.

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

§ 23. Administrasjonssjefens oppgaver og myndighet.

1. Administrasjonssjefen er den øverste leder for den samlede kommunale eller fylkeskommunale administrasjon, med de unntak som følger av lov, og innenfor de rammer kommunestyret eller fylkestinget fastsetter.
2. Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.
3. Administrasjonssjefen har møte- og talerett, personlig eller ved en av sine underordnede, i alle kommunale eller fylkeskommunale folkevalgte organer med unntak av kontrollutvalget.
4. Kommunalt og fylkeskommunalt folkevalgt organ kan gi administrasjonssjefen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.

⁶ Sjå til eksempel Jo Hov, avtaleslutning og ugyldighet (1998), kap. 5.

⁷ Dette kravet skal sikre notoritet for transaksjonen, og er ikkje eit gyldighetskriterium, jfr. forarbeidene til aksjeloven (Ot.prp. nr. 23 (1996-97) kap. 15).

Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)

§ 1.(lovens formål)

Denne lov har til formål å verne det ytre miljø mot forurensning og å redusere eksisterende forurensning, å redusere mengden av avfall og å fremme en bedre behandling av avfall.

Loven skal sikre en forsvarlig miljøkvalitet, slik at forurensninger og avfall ikke fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturens evne til produksjon og selvfornyelse.

§ 2.(retningslinjer)

Gjennomføringen av loven skal skje etter disse retningslinjer:

5. Kostnadene ved å hindre eller begrense forurensning og avfallsproblemer skal dekket av den ansvarlige for forurensningen eller avfallet.

§ 34.(avfallsgebyr)

Kommunen skal fastsette gebyrer til dekning av kostnader forbundet med avfallssektoren, herunder innsamling, transport, mottak, oppbevaring, behandling, etterkontroll m.v. Kostnadene skal fullt ut dekket inn gjennom gebyrene. Med kostnader menes både kapitalkostnader og driftskostnader. For avfall som kommunen har plikt til å samle inn, motta og/eller behandle etter §§ 29, 30 eller 31 må gebyret ikke overstige kommunens kostnader.

Kommunene bør fastsette differensierte gebyrer, der dette vil kunne bidra til avfallsreduksjon og økt gjenvinning. Forurensningsmyndigheten kan fastsette forskrifter om beregning av gebyrene.

Avfallshåndtering etter § 35 omfattes ikke av denne bestemmelsen.

Gebyr skal betales av den som eier en eiendom som omfattes av ordning for innsamling av avfall eller tømning av slamavskiller, privet m.v. etter loven her. Dersom eiendommen er festet bort for 30 år eller mer, skal likevel festeren svare gebyret om ikke annet er avtalt. Det samme gjelder når festeren har rett til å få festet forlenget, slik at den samlede festetid blir mer enn 30 år.

Avfallsgebyr med påløpte renter og kostnader er sikret med lovbestemt pant etter panteloven § 6-1. Om renteplikt ved for sen betaling, tilbakebetaling og inndrivelse av avfallsgebyr gjelder reglene i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eidegdomsskatt til kommunane §§ 26 og 27 tilsvarende.

§ 52 a.(gebyrer)

Forurensningsmyndigheten kan gi forskrift om gebyrer for behandling av tillatelser etter denne lov, eller forskrift fastsatt i medhold av loven, og for kontrolltiltak som gjennomføres for å sikre at loven eller vedtak i medhold av loven blir fulgt. Gebyrene settes slik at de samlet ikke overstiger forurensningsmyndighetens kostnader ved saksbehandlingen eller kontrollordningen.

Gebyret er tvangsgrunnlag for utlegg.

Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)

Kapittel 15. Fastsettelse av avfallsgebyr for håndtering av husholdningsavfall

§ 15-1. Formål

Formålet med dette kapittelet er å sikre at avfallsgebyr for lovpålagt håndtering av husholdningsavfall fastsettes i tråd med forurensningsloven § 34 første ledd.

I tillegg har forskriften til formål å hindre ulovlig krysssubsidiering mellom kommunens lovpålagte håndtering av husholdningsavfall og avfallstjenester som kommunen selger i markedet, herunder avfallstjenester knyttet til håndtering av næringsavfall og husholdningsavfall fra andre kommuner som kommunen selger avfallstjenester til.

§ 15-2. Virkeområde

Dette kapittelet gjelder for fastsettelse av avfallsgebyr for lovpålagt håndtering av husholdningsavfall i kommunen, jf. forurensningsloven § 29 tredje ledd, § 30 og § 31 første ledd.

Dette kapittelet gjelder ikke for kommunens håndtering av avfall ved salg av avfallstjenester i markedet.

§ 15-3. Fastsettelse av avfallsgebyr

Kommunestyret fastsetter avfallsgebyret.

Avfallsgebyret fastsettes slik at det svarer til de totale kostnadene kommunene påføres ved lovpålagt håndtering av husholdningsavfall. Det skal sikres full kostnadsdekning. Kommunen skal ikke ha fortjeneste på slik avfallshåndtering. Kun kostnader ved og inntekter fra lovpålagt håndtering av husholdningsavfall skal inngå i beregningen av avfallsgebyret.

§ 15-4. Separat regnskap og kostnadsfordeling

Kommunen skal ha separat regnskap for lovpålagt håndtering av husholdningsavfall. Dette innebærer at kommunen for hvert regnskapsår skal utarbeide adskilte regnskap for resultat og balanse, for å etablere et tydelig skille mellom den lovpålagte håndteringen av husholdningsavfall og avfallshåndtering i markedet.

Alle kostnader ved lovpålagt håndtering av husholdningsavfall skal dekkes over avfallsgebyret. Dersom kommunen også selger avfallstjenester i markedet, skal de kostnadene som er felles for lovpålagt håndtering av husholdningsavfall og for avfallstjenestene som selges i markedet fordeles forholdsmessig.

§ 15-5. Tilbakeføring

Dersom kommunen gjennom avfallsgebyret har subsidiert kommunens virksomhet knyttet til konkurranseutsatt avfallshåndtering i strid med reglene her, skal kommunen sørge for at dette tilbakeføres.

§ 15-6. Kontroll

Kommunerådet, administrasjonssjefen, daglig leder i kommunalt foretak, kontrollutvalget og kommunerevisjonen skal i henhold til gjeldende regler om kontroll av kommunens virksomhet, jf.

kommuneloven § 20 nr. 2, § 23 nr. 2, § 71 nr. 2 og kapittel 12, kontrollere at kravene i dette kapitlet overholdes.

Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)

§ 11-4. Kommunale saksbehandlings- og kontrollgebyrer

Kommunen kan gi forskrift om gebyrer for egen behandling av eksisterende tillatelser, påslippsvedtak etter § 15A-4, behandling av søknad etter § 12-4, § 13-4 og § 15-4, for saksbehandling etter lokale forskrifter, og for kontrolltiltak som gjennomføres for å sikre at kapittel 11 til 16 eller vedtak i medhold av disse kapitlene blir fulgt. Gebyrene settes slik at de samlet ikke overstiger kommunens kostnader ved saksbehandlingen eller kontrollordningen, jf. forurensningsloven § 52a.

Renovasjon- og slamforskrift for SIMAS IKS (Sogn interkommunale miljø- og avfallsselskap)

§ 1. Føremål

Forskrifta har som føremål å sikra miljømessig, samfunnsøkonomisk og forsvarleg oppsamling, innsamling, transport, gjenvinning og sluttbehandling av alt hushaldningsavfall, farleg avfall og slam.

Forskrifta skal medverka til å gjennomføra dei pliktene som kommunane er pålagde ved lov, og dei mål som SIMAS til ei kvar tid har nedfelt i sine plandokument om avfallsreducerande tiltak og handtering av avfall.

Forskrifta skal og vere SIMAS sin styringsreiskap for å realisere overordna miljøpolitiske retningslinjer overfor alle avfalls- og renovasjonsaktørar i eigarkommunane.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld for dei kommunane der den er vedteken i kommunestyret.

Forskrifta omfattar alle matrikulerte og ikkje matrikulerte eigedomar som ligg i kommunane.

Forskrifta gjeld for grunneigarar, tomtfestarar og andre som nyttar seg av kommunal avfallsordning.

Forskrifta gjeld for heilårsbustader, hytter, fritidseigedomar og andre byggverk, definert som abonnenteining jf. § 3.

Forskrifta omfattar avfallsgebyr.

Forskrifta omfattar kjeldesortering, oppsamling, innsamling og transport av alt hushaldningsavfall og slam.

Årdal kommune har eigne ordningar og forskrifter for avfalls- og slamhandsaminga, men har høve å slutte seg til denne forskrifta. Årdal kommune vil tilpasse sine forskrifter til denne forskrifta.

§ 5. Avfall som ikkje vert omfatta av kommunal innsamling

Næringsavfall vert ikkje omfatta av denne forskrifta. SIMAS kan samle inn næringsavfall av same type og samansetjing som hushaldningsavfallet på dei vanlege renovasjonsrutene. Dersom dette vert gjort, skal næringsavfallet registrerast på tilfredsstillande måte slik at det vert oppretthalde klart kostnadmessig skilje mellom hushaldningsavfall og næringsavfall.

Avfall frå ombygging og reparasjon av bustadhus er næringsavfall.

Avfall frå turisme vert ikkje omfatta av denne forskrifta. Oppsamling av avfall frå turistar må løysast av den verksemd, kommune eller vegstyresmakt som har ansvar etter Ureiningslova.

§ 7.SIMAS sine rettar og plikter

SIMAS pliktar å informere abonnentane om gjeldande renovasjonsordning.

SIMAS pliktar berre å ta med avfall som er levert i samsvar med forskrifta.

SIMAS pliktar ikkje å ta imot avfall som offentleg styresmakt har vedteke eigne reglar for.

SIMAS erstattar ikkje tapte gjenstandar som abonnenten har kasta i avfallsbeholdarane.

SIMAS eig og har rett til, verdiane i hushaldningsavfallet og slammet.

Søknad om oppretting av ny rute avgjerast av SIMAS.

§ 17.Gebyr

Gebyrsatsar vert fastsett av kommunane ved årlege vedtak.

Gebyret kan krevjast inn i fleire terminar.

Abonnentar som vert omfatta av reglane i denne forskrifta, skal betale gebyr pr. abonnenteining.

SIMAS fastset gebyret for mottak av avfall og slam til sine anlegg og miljøstasjonar.

Gebyret skal fullt ut dekkja kostnadane med innsamling, transport, mottak, oppbevaring, behandling, etterkontroll mv. av avfallet/slammet.

For å fremje avfallsreduksjon, kjeldesortering og gjenvinning kan det innførast differensierte gebyrsatsar. Differensieringa skal skje på grunnlag av avfallsmengde, avfallstype, materialgjenvinning, heimekompostering, kostnadssparande innsamlingssystem mv.

SIMAS fastset kva abonnentgrupper og tenester som skal inngå i differensiert gebyrordning, herunder forholdet mellom fast og variabel gebyrdel, og på kva måte gebyrdifferensiering skal føretakast.

- Fast (avfallsuavhengig) del av gebyrgrunnlaget vert fastsettast likt for alle abonnentar uavhengig av behaldarstorleik, tenesteomfang mv.
- Variabel (avfallsavhengig) del utgjer resterande del av gebyrgrunnlaget og vert berekna som ein differensiert gebyrdel, avhengig av behaldarstorleik, tenesteomfang, avfallsvolum eller vekt.

SIMAS gir retningslinjer om terminar og iverksettingstid ved registrering av nye og ved endring av eksisterande abonnement. Ved nybygg og bruksendring skal gebyr betalast frå og med fyrste helle månad etter at mellombels bruksløyve/bruksendring vert gitt.

SIMAS fastset gebyr til dekking av utgifter for tilleggstenester som utkøyring eller henting av avfallsbeholdarar.

Gebyrsatsar for ulike tenester på miljøstasjonar eller behandlingsanlegg, og ekstra innsamling frå abonnentar, skal betalast separat og vere i tråd med den utførde tenesta.

Gebyr vert fastsett på grunnlag av vekt, volum, stk.-pris eller annan utrekningsmåte i samsvar med gjeldande regelverk.

Om kommunane ynskjer å gje ekstra service til abonnentane utover tilbodet frå SIMAS, skal kommunane dekkje dette sjølve i samsvar med reglane for sjølvkost.

Gebyret vert rekna fullt ut sjølv om eininga ikkje vert nytta.

§ 18.Dispensasjon/endring og andre reglar om betaling mv.

SIMAS kan etter grunngeven skriftleg søknad gje dispensasjon frå desse forskrifter for særskilte eigedomar. Søknad om dispensasjon skal innehalde korrekte opplysningar om eigar, eigedomen og andre opplysningar SIMAS treng for å behandla søknaden etter gjeldande regelverk.

Eigedomar som er fjernliggande eller vanskeleg tilgjengeleg er ikkje fritakne dersom hentestaden ikkje er vesentleg vanskelegare tilgjengeleg enn næraste veg, busstopp, handelsmann eller offentleg kai/parkeringsplass.

Abonnentar som kan dokumentere at ei bueining står unytta i meir enn 1 år samanhengande, vil etter søknad kunne få fritak frå gebyret for den aktuelle perioden. SIMAS gir retningsliner for kva dokumentasjon som vert kravd.

Abonnenten pliktar å gje omgåande melding når bueininga vert teken i bruk på nytt. Vert slik melding ikkje sendt, kan SIMAS krevje gebyr for perioden bueininga var urettmessig fritaken.

Dersom bygningen vert endra frå bustadhus til fritidsbustad i matrikkelen, er det vilkår om at melding vert sendt til SIMAS for vurdering av endring i slam- og renovasjonsgebyr.

Fritidseigedomar kan ikkje fritakast frå ordninga eller betalingsplikta på grunnlag av at eigedomen ikkje er i bruk, at den har tungvint bruk, at avfallsordning er unødvendig, eller av liknande grunnar.

Vedtak om endring av renovasjonsgebyr vert gjort gjeldande frå og med fyrste heile månad etter at SIMAS har motteke fullstendig søknad/melding om endring. Endringa kan tidsavgrensast.

Vedtak om endring av slamgebyr vert rekna frå årsskiftet etter registrering. Ved avslutting av eit abonnement, skal det reknast gebyr fram til siste tømning av slamavskiljar//septiktank fullt ut er betalt. Endringa kan tidsavgrensast.

§ 19.Reduksjon i renovasjonsgebyret

For abonnenteiningar som går saman om avfallsbeholdarar, herunder heimekomposterer, kan gebyret reduserast etter nærare retningsliner fastsette av SIMAS. Gebyret vert då fastsett i samsvar med dei kombinasjonane som kjem fram ved samanstilling av volum.

§ 23.Overføring av mynde

Det mynde som kommunane har i lov om ureining mv. vert delegert til SIMAS så langt lova tillèt. SIMAS vedtek eigne retningsliner med heimel i Ureiningslova, denne forskrift og delegasjonsvedtak i medhald av forurensningslova.

SIMAS kan gi retningsliner for etablering av avfallsløysingar og for gjennomføring av forskrifta.

Vedlegg 2 – Dokumentliste

SIMAS

Overordna avtaler og forskrifter

- ✓ Selskapsavtale for SIMAS IKS 2014
- ✓ Selskapsavtale for SIMAS IKS 2020
- ✓ Renovasjon- og slamforskrift for SIMAS IKS
- ✓ Generelle avtalevilkår for levering av avfall til SIMAS IKS

Planar og strategiar

- ✓ Avfall 2020 «Ressursar på rett veg» - Strategidokument for handsaming av avfall i SIMAS IKS
- ✓ SIMAS IKS – økonomi- og investeringsplan 2020-2023

Rapportar, rekneskap og budsjett

- ✓ SIMAS IKS Årsmelding, årsrekneskap og revisormelding 2017
- ✓ SIMAS IKS Signert rekneskap 2017
- ✓ SIMAS IKS Årsmelding, årsrekneskap og revisormelding 2018
- ✓ SIMAS IKS Årsmelding, årsrekneskap og revisormelding 2019
- ✓ SIMAS IKS offisielt årsrekneskap 2019
- ✓ SIMAS IKS Budsjett 2020
- ✓ SIRKLA årsrekneskap 2017
- ✓ SIRKLA årsmelding og årsrekneskap 2018
- ✓ EnviDan Momentum – Notat om kryssubsidiering og fordelingsnøklar SIMAS IKS – 26.02.2019
- ✓ Vedlegg sak V13 1 – Vurdering av ny gebyrmodell

Forkalkyle, etterkalkyle, uttrekk og beregninger

- ✓ Forkalkyle 2018
- ✓ Forkalkyle 2019
- ✓ Etterkalkyle 2018
- ✓ Etterkalkyle 2019
- ✓ SIMAS VSN Uttrekk transer 2019
- ✓ SIMAS Uttrekk transer 2020
- ✓ Beregningsfil selvkost per tømning
- ✓ Miljøstasjon nøkkel E2019

Rutinar og prosedyrar

- ✓ Rutinar og prosedyrar fakturering
- ✓ Avtale om deling av avfallsbeholdar
- ✓ Søknad om avstandsreduksjon
- ✓ Søknad om fritak

- ✓ Avtale om heimekompostering

Gebyr og prisar

- ✓ Gebyrsatsar 2020
- ✓ Skilje mellom gebyrfinansierte tenester og næring
- ✓ SIMAS IKS – prislister 2019
- ✓ Prisar Containerleige
- ✓ Rabattmatrise – kundar på vekta

Møtedokument

- ✓ Innkalling møte representantskapet SIMAS IKS 15.10.2019
- ✓ Møteprotokoll frå representantskapsmøte i SIMAS IKS 15.10.2019

Forholdet mellom SIMAS IKS OG SIRKLA Ressurs AS

- ✓ Rammeavtale SIMAS IKS og SIRKLA Ressurs AS – 25.06.2019
- ✓ Følgjebrev – utfyllande informasjon om forholdet mellom SIMAS IKS og dotterselskapet SIRKLA Ressurs AS
- ✓ E-post oppgaver SIMAS SIRKLA
- ✓ Leverandørreskontro SIRKLA Ressurs AS 2018 - mars 2020
- ✓ Faktura 1 - frå SIRKLA Ressurs AS
- ✓ Faktura 2 - frå SIRKLA Ressurs AS
- ✓ Faktura 3 - til SIRKLA Ressurs AS
- ✓ Faktura 4 - til SIRKLA Ressurs AS
- ✓ Faktura 5 – til SIRKLA Ressurs AS
- ✓ Faktura 6 – til SIRKLA Ressurs AS
- ✓ Kundereskontro SIRKLA Ressurs AS 2018 – mars 2020
- ✓ Kundereskontro SIRKLA 2018 – mars 2020
- ✓ Leverandørreskontro SIRKLA Ressurs 2018 – mars 2020
- ✓ Kontoforespørsel SIRKLA 2018
- ✓ Kontoforespørsel SIRKLA 2019
- ✓ Kontoforespørsel lev SIRKLA 2018
- ✓ Reskontro Ecoinwaste AS

Mailkorrespondanse med SIMAS IKS

- ✓ Forklaring på kommunale tillegg frå Luster, Lærdal og Sogndal gitt til SIMAS IKS
- ✓ Oppfølgingspørsmål dokumentasjon frå KPMG
- ✓ Selvkost fritidsrenovasjon – Oppsummering
- ✓ Oppfølgingspørsmål Økonomisjef
- ✓ Oppfølgingspørsmål dagleg leiar
- ✓ Spørsmål til fakturaer
- ✓ Om containerutleige
- ✓ Størrelse fritidsgebyr 2019

Mailkorrespondanse med privatpersonar

- ✓ Revisjon SIMAS IKS
- ✓ Selskapsrevisjon av SIMAS IKS
- ✓ SIMAS IKS selskapsrevisjon

Annan dokumentasjon

- ✓ Organisasjonskart SIMAS IKS
- ✓ SIMAS sine heimesider: www.simas.no
- ✓ KOSTRA – statistikk renovasjons- og slamgebyr
- ✓ KOSTRA – 12263: Utvalgte nøkkeltall for avfall og renovasjon, etter region, statistikkvariabel og år
- ✓ KOSTRA – 12842: Kommunale gebyrer knyttet til bolig, etter region, statistikkvariabel og år
- ✓ Lovhjemmel differensiering av fritidsboliger – redegjørelse av regelverket fra Miljødirektoratet

Aurland kommune

- ✓ Økonomiplan/Budsjett Aurland kommune 2020
- ✓ Aurland kommune prisar og gebyr 2020
- ✓ Aurland kommune årsmelding 2018
- ✓ Aurland kommune rekneskap 2018
- ✓ Aurland kommune rekneskap 2019

Høyanger kommune

- ✓ Brev til kommunen om gebyr frå SIMAS IKS
- ✓ Regulering av kommunale gebyr for vatn, avløp, renovasjon, feiing og slamtømming 2018
- ✓ Regulering av kommunale gebyr for vatn, avløp, renovasjon, feiing og slamtømming 2019
- ✓ Regulering av kommunale gebyr på vatn, avløp, renovasjon, feiing og slamtømming 2020
- ✓ Høyanger kommune Årsmelding 2019
- ✓ Høyanger kommune Årsrekneskap og notar 2019
- ✓ Mail forvaltningsrevisjon av SIMAS IKS Høyanger kommune

Luster kommune

- ✓ Årsrekneskap 2019 Luster kommune
- ✓ Mail Luster kommune – Spørsmål i samband med pågåande forvaltningsrevisjon av SIMAS IKS
- ✓ Mail Luster kommune – informasjon om gebyr

Lærdal kommune

- ✓ Lærdal kommune Årsrekneskap 2019
- ✓ Saksframlegg rekneskap 2019:
https://innsyn.onacos.no/laerdal/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2020003035&
- ✓ Økonomi- og handlingsplan 2020-2023 Lærdal kommune

- ✓ Mail Lærdal kommune – informasjon om gebyr

Sogndal kommune

- ✓ Årsmelding Sogndal kommune 2019
- ✓ Årsrekneskap Sogndal kommune 2019
- ✓ Sogndal kommune gebyrhefte 2020
- ✓ Mail Sogndal kommune – vedtak/gebyrfastsetjing og sakshandsaming årsrekneskap i Balestrand kommune, Leikanger kommune og gamle Sogndal kommune 2018-2019

Vik kommune

- ✓ Årsrapport og rekneskap for Vik kommune 2018
- ✓ Økonomiplan 2019-2022 Budsjett 2019 Vik kommune
- ✓ Økonomiplan 2020-2023 Budsjett 2020 Vik kommune
- ✓ Gebyrregulativ 2018 Vik kommune
- ✓ Mail - Oppfølgingsspørsmål Vik kommune sin årsrekneskap
- ✓ Mail Vik kommune – informasjon om gebyr

Årdal kommune

- ✓ Årdal kommune Gebyr 2020
- ✓ Årdal kommune Handlingsplan renovasjon 2017-2020

Mediesaker

Vi har gått gjennom eit utval artiklar, innlegg og lesarbrief i Sogn Avis relatert til Simas i tidsrommet januar-mars 2020:

- ✓ Artikkel 16. januar 2020 Sogn Avis – Skjerpar gebyra for å få betre sortering
- ✓ Innlegg 22. januar 2020 Sogn Avis – SIMAS og renovasjonsgebyr
- ✓ Innlegg 23. januar 2020 Sogn Avis – SIMAS og renovasjonsgebyr
- ✓ Lesarbrief 05. februar 2020 Sogn Avis – Reint sagt om Simas og renovasjonsgebyr
- ✓ Lesarbrief 08. februar 2020 Sogn Avis – Klart me bør føle skam!
- ✓ Lesarinnlegg 13. februar 2020 Sogn Avis – Vedrørande ny gebyrmodell i Simas
- ✓ Lesarbrief 19. februar 2020 Sogn Avis – Som om ikke Simas lager nok krøll så følger Sogndal kommune opp med mer
- ✓ Lesarbrief 02. mars 2020 Sogn Avis – Simas sine nye kategoriar og avgiftssatsar
- ✓ Lesarbrief 03. mars 2020 Sogn Avis - Er Simas sin nye gebyrmodell for hytterrenovasjon lovleg?
- ✓ Lesarbrief 04. mars 2020 Sogn Avis – Om lag 500 kr posen er dyrt. FORbiasserende leverer gratis anten dei er nordmenn, svenskar eller frå andre land
- ✓ Lesarbrief 10. mars 2020 Sogn Avis – Arrogant av Simas og Sogndal kommune
- ✓ Lesarbrief 14. mars 2020 Sogn Avis – Hytterrenovasjon – kva betalar du?



Kontakt oss

Harald Sylta

Partner

T +47 40 63 96 66

E harald.sylta@kpmg.no

Rune Mydland

Senior Manager

T +47 40 63 97 26

E rune.mydland@kpmg.no

Magnus Nedrelid Heggen

Senior Associate

T +47 90 02 49 60

E magnus.heggen@kpmg.no

kpmg.no